

# Den brutale kjærleiken

Brutalistiske omsorgsarkitektur sett gjennom tre ulike perspektiv

Lene Pettersen Utbjøe

## **Masteroppgåve**

Vidareutdanningsmaster i Arkitekturvern 2021-2023

Rettleiar: Even Smith Wergeland

30.11.2023

AHO – Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

**TAKK!**

Eg er takksam for at eg har fått nyta det privilegiet det er å få utforska og studera eit interessefelt som eg brenn for gjennom tre særdeles lærerike, opplysande og krevjande år.

Tusen takk Even som har gitt god og konstruktiv rettleiing, motiverande ord og ikkje minst eit fengjande soundtrack til arbeidet.

Takk kjære familien min Sanne, Jakob og Simon, som har venta, heia og vist meg tolmod og omsorg.

Og ikkje minst takk til mine medstudentar, spesielt Ingrid og Rune.

## Innhald

Samandrag .....	4
Forord.....	4
Del 1: Innleiing .....	7
Introduksjon.....	7
Problemstilling .....	7
Aktualisering .....	8
Metode.....	13
Oppbygging, litteratur og kjelder.....	15
Del 2: Brutalismen – ei samfunnsrøyst og ein stil.....	21
Innleiing.....	21
Omgrepet.....	21
Brutalisme i dag .....	26
Brutalisme og samanheng til velferdsstaten .....	33
Brutalismen i Noreg .....	35
<b>Stord Fylkessjukehus</b> .....	36
<b>Os sjukeheim</b> .....	41
<b>Aker sjukepleiareskule og søsterheim</b> .....	48
Folk flest og trendar .....	54
Del 3: Kvinna – den ukjente ingrediensen innan arkitekturen .....	57
Innleiing.....	57
Historia.....	57
Kvinner i brutalismens Noreg.....	63
Kva roller dei hadde .....	66
Er (brutalistisk)arkitektur for kvinner?.....	70
Framtidige roller .....	72
Kapittel 4: Berekraft – Fortid, notid og framtid på lag.....	74
Innleiing.....	74
Berekraftig brutalisme .....	74
Berekraftige strategiar .....	75
Brutalistisk berekraftspraksis.....	79
Brutalistisk framtid i ny historisk drakt.....	83
Del 5: Konklusjon .....	84
<b>Litteraturliste</b> .....	86
<b>Illustrasjonar</b> .....	92

## Samandrag

Denne oppgåva handlar i all hovudsak om brutalistisk omsorgsarkitektur. Dette er belyst på tre ulike måtar: Først gjennom den historiske utviklinga og betydninga av omgrepet *brutalisme*. Funna eg har gjort undervegs, viser at det ennå finns hol og uklarheiter når det gjeld både definisjon av brutalisme og kartlegging av denne som kulturarv. I neste perspektiv, der synsvinkelen på tema er kvinne si rolle i utviklinga viser det seg at sjølv om det ikkje har vore eller er mykje dokumentasjon av norske kvinner innan brutalistisk omsorgsarkitektur er det tydeleg at dei likevel har sett sine spor. Gjennom berekraftsperspektivet til slutt er det fokusert på korleis ein kan og bør nytta denne arkitekturen i dag for å redusera ressursforbruket, samstundes som den tek vare på og foredla vår felles historie, men i ei revidert og inkluderande form.

## Forord

Eg sit ved senga og held handa til farfar som er innlagt på Stord sjukehus. Heile familien er samla rundt han, fordi me alle veit at dette kan vera siste stunda i lag.

Sjukehuset på Stord er eit brutalistisk bygg oppført på slutten av 1960-talet og har i dag status som freda. Tidlegare i veka besøkte me farfar på sjukehuset i Haugesund . Der var han innlagt på ei avdeling som var nybygd, og etter dagens standard. Der var det ikkje lagt til rette for at det skulle vera plass til at fleire pårørande kunne vere saman med pasienten. Det fantes heller ikkje venterom der pårørande kunne opphalda seg, der måtte me sitje på gangen ved heisen, eller utanfor sjukehuset på ein benk å venta. I denne situasjonen, opplevde eg at det brutalistiske bygget på Stord gav meir omsorg enn det nyoppførte sjukehuset i Haugesund. Der me i Haugesund enten vart vist til ein benk på utsida av bygget eller i gangen utanfor heisen langt frå pasientromma var det på Stord lagt til rette fort å vera nærpasienten. trass i mindre areal.

Tankane mine går vidare til oppveksten min og andre opplevelingar eg har hatt i nærområdet på Stord saman lag med farfar, gode minner, som er frå eit anna brutalistisk bygg, kulturhuset på Stord. Kulturhuset på Stord er teikna av dei same arkitektane som designa

sjukehuset, men bygget er designa for opplevingar. Dette bygget er ikkje berre ein fysisk lokasjon, men eit dynamisk knutepunkt som rommar liv, glede, kultur og aktivitet.

Eg har jobba som interiørarkitekt i 15 år og har i større og breiare grad fått interesse for og sett viktigheita av bruken og tankane bak arkitekturen. Kva var utgangspunktet for utbygginga og korleis det passar inn i dagens samfunn og i dagens kontekst. Å undersøka utgangspunktet og filosofien bak er i fleire høve opplysande for å forstå og verdsetta bygga, i staden for å berre vurdera det ferdige resultatet og det til tider skulpturelle og ikoniske ved bygga. Det var ikkje alltid bygga vart akkurat slik som det var tenkt i utgangspunktet den gongen heller, men me kan enno læra av tankane bak når me skal sjå på vidare bruk og ombruk. Kanskje restaureringa kan komma nærmare den opphavelege idéen og på den måten skapa ein sterkare dialog mellom notid og fortid. samstundes som det bidreg til lengre levetid og aktualiteten til arkitekturen?

Eg har alltid meint at det er viktig å ta vare på det me allereie har. Både med omsyn til det historiske, men også for å minska forbruket. Eg har sjølv vakse opp i eit eldre trehus, og i vaksen alder har eg etablert meg i eit trehus frå 1800-talet. Eg har stor respekt for denne byggetradisjonen og meiner me har mykje å læra av gammalt tradisjonshandverk. Derfor trudde eg også at det var akkurat trehusarkitektur og tradisjonell norsk byggeskikk eg skulle fokusera på i mi vidareutdanning i arkitekturvern ved Arkitekthøgskolen i Oslo. Slik vart det ikkje. Eg har fått augo opp for etterkrigsarkitekturen, i sær brutalismen og den funksjonsverdien den har i dag. Men så har jo også denne arkitekturen, som gjerne vert assosiert med betong, stål og glas, også ofte eit «nikk» til trearkitekturen om ein ser litt nærmare etter. Som tilsett i eit arkitektfirma ser eg også på aktualiteten av brutalistiske bygg. Våre oppdrag omhandlar ofte rehabilitering og transformasjon av både offentleg og privateigd bygningsmasse frå denne tida. Oppdraga går også ut på å analysera og danna grunnlag på om eit bygg er verdt å ivareta for ulike føremål.

Vidare har eg undra meg over kvifor me sjeldan høyrer om kvinnelege arkitektar frå arkitekturhistoria. Dette er også noko eg ynskjer å vite meir om og løysinga vart å bake det inn i tematikken for denne oppgåva. Det handlar ikkje berre om temaet «kvinnelege arkitektar» isolert sett, men om det faktum at kvinner – på godt og vondt – har blitt assosiert med nettopp omsorgsinstitusjonar. Kvinner har dominert yrke som sjukepleiar,

vernepleiar og forskulelærar, og sjølv i Noreg, eit land med bra likestillingspolitikk, vert det stadig ført debattar om kvifor omsorg ofte vert eit «kvinneansvar» i arbeidslivet så vel som i heimen. Diskusjonen om det såkalla «tredje skiftet» i norske husstandar gjekk som ei varm kule i 2022 og debattar om omsorgsfordeling, til dømes foreldrepermisjon etter fødsel, gir ofte til kjenne nokså konservative haldningar om at kvinna har ansvaret og mannen «bidrar» eller «hjelper til». Til trass for alt ansvaret norske kvinner tek, gir det sjeldan høg status, høg lønn eller stor takksemrd for innsatsen. Nett som dei neglisjerte kvinnelege arkitektane, er kvardagsinnsatsen til norske kvinner eit slags forventa bakgrunnsmaskineri — den nyttige, men ikkje nemneverdige delen av samfunnet. Det same kan seinast om dei trauste betongbygningane som vaks fram i regi av norsk helsesektor i etterkrigstida

Offentlege institusjonar bygga i hopetal i ei tid der landet skulle gjenreisast. Eg har undra meg over kvifor denne typen bygg på den eine sida vert sett på som svært verdifulle i verneperspektiv, medan den samstundes i fleire tilfelle blir sett på som ubrukbar etter dagens standardar. Korleis kan me forsvara å forkasta og riva desse bygga med tanke på historieforteljinga over vår eigen samfunnsmessige kulturarv. Og ikkje minst, korleis kan me vraka det bygningsmassen har å tilby i spart ressursutnytting i eit berekraftsomsyn?

Eg skal etter beste emne freiste å kople desse trådane saman.

## Del 1: Innleiing

### Introduksjon

Etter andre verdskrig skulle Noreg byggjast på ny. Offentlege bygg som sjukehus, universitet, rådhus, bustadar og skular vart reist for å få plass til dei aktivitetane som er forventa og krevst for eit moderne og velfungerande samfunn. Bygga som vart oppført i denne perioden har for mange blitt eit symbol på oppbygging av det norske sosialdemokratiet og såleis eit viktig symbol på den politiske historia vår.<sup>1</sup> Velferdsstaten vart i desse åra styrka og etablert med brei politisk einigkeit og ved hjelp av økonomisk vekst.<sup>2</sup> Arkitektstanden i Noreg i både privat og offentleg sektor, beståande av både kvinner og menn vart sysselset for å utføra dette samfunnsoppdraget og setta sitt uttrykk på ein stor del av den bygningsmassen som også i dag pregar samfunnet vårt.<sup>3</sup>

Det er snart 80 år sidan 2. verdskrig var over, og mange av bygga reist i etterkrigstida har lidd under dårleg eller manglande vedlikehald. I denne oppgåva ser eg spesielt på den delen av etterkrigsarkitektur me omtalar som brutalistisk arkitektur med dømer på bygg som var planlagt og reist med føremål om å ivareta funksjonar innan omsorg og helse. Eller sagt på ein annan måte: Brutalistiske bygg som for meg inneheld kjærleik.

### Problemstilling

I denne masteroppgåva nyttar eg høve til å berika det som allereie er skrive om brutalismen med utfyllande perspektiv. Det er stadig nokon hol og sprikande oppfatningar i historia når det kjem til brutalismen. Det er mellom anna lite tekst å finna som er spissa mot omsorgsarkitektur, kvinneleg påverking og berekraft. Desse emna er etter mi meinings høgaktuelle tema i dag.

Problemstillinga i oppgåva lyder slik: Korleis kan ein på best mogleg måte bevara og formidla brutalistisk omsorgsarkitektur ved å setta nye søkelys på historia?

Dette spørsmålet har eg tatt fatt i ved å studera tema frå tre ulike synsvinklar. Studie av omgrepet brutalisme, kvinneleg innverknad og berekraft. Gjennom grundig studie av

---

<sup>1</sup> Wergeland 2019: 103

<sup>2</sup> Romøren 2018: 25

<sup>3</sup> Wergeland 2019: 109

brutalistiske bygg og tekstar rundt desse tema, har eg utforska korleis ein best kan bevara og formidla brutalistisk omsorgsarkitektur, med hovudfokus på å belysa historia på ein litt ny måte. Bygg av denne typen, som eg snart skal greie nøyne ut om, vart som regel oppført på 1960- og 70-talet og har vore spesielt typiske for offentleg utbygging på denne tida. Det betyr ikkje at det berre var brutalistiske bygg som prega utbygginga av omsorgsarkitekturen, men eg har tatt eit val om å konsentrere meg om dømer som viser akkurat denne arkitekturen, fordi den stadig er mindre skildra enn andre greiner av norsk arkitektur i same tidsperiode. Oppgåva tek utgangspunkt i dømer frå Noreg, med samanliknande dømer og teoriar i internasjonal kontekst. Sentrale spørsmål som har vore drivkrafta bak denne studien er: Korleis kan ei breiare forståing av brutalistiske omsorgsbygg bidra til bevaring og ombruk av denne spesifikke arkitekturarva frå etterkrigstida? Korleis er desse byggja tilpassa til å husa funksjonane til omsorgsinstitasjonar? Og korleis kan me forvalta denne kulturarva på ein berekraftig måte?

Her studerer eg og forsøker å komme fram til nødvendigetsområda og mogeleg verdiskaping for bevaring og revitalisering av brutalistisk omsorgsarkitektur. Ved å gje nye perspektiv og forståing av historia til bygga kan ein kasta eit nytt og klårare lys over deira arkitektoniske verdi og kulturelle betydning. Dette kan leggja grunnlaget for ei bevisst forståing og auka ombruk og bevaring av desse byggja. Dette kan igjen gje ei meir sosialt representativ bevaring av norsk arkitekturarv og betre oppfylling av funksjonane til moderne omsorgsinstitasjonar

### Aktualisering

Brutalistiske bygg frå 1950- og 70-talet har prega norsk arkitektur, spesielt når det kjem til formålsbygg i gjenreisingstida. Det er allereie skrive mykje om brutalisme, men den er like fullt aktuell, då den ennå engasjerer både arkitektar og andre borgarar på godt og på vondt. Samtidig trengs det også eit vedlikehald i form av omgrevsavklåring og historisk revisjon, sett inn i dagens samfunnskontekst.

I Arkitektnytt 24. januar 2020 skriv Hanna Maria van Zijp følgjande:

*«Brutalistiske bygg har nå nådd ein alder kor samfunnet må gjera opp status. For like sterkt som hatet er kjærleiken til eit estetisk uttrykk som ville famna alle borgarar.»<sup>4</sup>*

Desse bygga har vore neglisjert i over fleire tiår. Det kan vera utfordrande å konkludera om fråværet av vedlikehald skuldast manglande prioritering eller om dei nye materiala som vart løfta fram på den tida, som glas, betong og stål, ofte vart marknadsført som vedlikehaldsfrie.

Dei seinare åra har brutalistiske bygg blitt meir «i vinden» og sett i stand. Bygga har gått frå grå og trauste til å bli trendy og assosiert med at bedrifter som flyttar inn i dei tar berekraft på alvor ved å demonstrera ombruk av bygg og material i praksis. Noko som gir status. I næringssektoren ser ein fleire brutalistiske bygg vert løfta opp med ambisiøse rehabiliteringsprosjekt som er svært påkosta og med høg detaljeringsgrad. Til dømes har me Bergen rådhus og Trekanten i Oslo, som opphavleg vart teikna av Erling Viksjø. Sistnemnde som kontorbygg for Oslo helseråd.<sup>5</sup> Administrasjon av helse kan sjåast på som ein forlenga del av norsk omsorgsarkitektur. I etterkant av slike påkosta rehabiliteringsprosjekt, har statusen på desse bygga endra seg frå grå og kjedelege «kommunale» eller institusjonelle bygg, til å bli eit statussymbol for berekraft og organisasjonens haldningar innan ombruk og historieformidling.

Dette kan ein også tenkja seg kan gjerast med helseinstitusjonar.

Heilt sidan den brutalistiske arkitekturen vart reist har den ført med seg eit stadig dårlegare omdøme når det kjem estetikk. Omtalen er ofte retta mot at dette er byggverk, eller objekt som utstrålar eit brutalt uttrykk og som ikkje har med seg ei estetisk eller ei funksjonell utføring. Eller at det heller ikkje tek omsyn til menneskelege behov og skala.

Dette i seg sjølv er jo eit stort paradoks når ein les originale tekstar frå dei som gav innhald til brutalismen. Alison og Peter Smithsons tekstar tar føre seg korleis arkitektar kan og må og ta ansvar for å legge til rette for folk og samfunnsbehov, korleis ein kan skapa intime møteplassar i storskalabygg, korleis den modernistiske arkitekturen kan revitalisera og korleis den skal få eit meir kvardagsleg preg.

---

<sup>4</sup> Van Zijp 2020

<sup>5</sup> Wergeland 2023

*We have to mobilize ourselves simply as architects and as architect-planners able to co-ordinate and to integrate. It is only the architect who may give man the possibility to express his rights to live a personal way of life, through constructed volume.<sup>6</sup>*

Det er ein god del debatt kring estetikken. Mellom anna frå folkeavstemmingar i lokal og nasjonal presse, slik ein mellom anna kunne sjå og lese om i *Bergens Tidende* i 2019. Her trona Bergen Rådhus på første plass som byens styggaste bygg. Folket hadde tala, sjølv om fagpanelet, beståande av stort sett arkitektar, ikkje var heilt einig.<sup>7</sup> Ei forsterka stemme av sjølve folket, når det kjem til debatten ikring estetikk, er det *Arkitekturopprøret* som står for. Med ei stadig veksande følgjargruppe som i dag tel nær 75.000 på *Instagram* under brukarnamnet @aonorge har dei mellom anna fått mykje merksemde dei siste åra med slagordet «*Vi lot dette, bli til dette*» Der dei typisk viser biletar av eit praktfult klassisk bygg med utskjeringsar og ornamentikk og samanliknar det med eit regntungt biletet der ein viser døme på det dei definerer som moderne og umenneskeleg arkitektur. Den tilhøyrande teksten viser heilt tydeleg at den såkalla moderne arkitekturen ikkje fell i smak hos arkitekturopprøret, og då heller ikkje folk flest.<sup>8</sup>

På sine eigne nettsider *arkitekturopprøret.no* skriv dei om eige program: «*Vi krev plass for ein tradisjonsorientert arkitektur og byplan... ...Våre mål søker vi oppnådd ved appell til folkeleg fornuft.*»<sup>9</sup> Her tek dei altså på seg å tala for det som er det «folket», altså alle folk i Noreg(?), med unntak frå dei fleste arkitektar(?) samt bustadbyggjarlag slik som OBOS, meiner er fornuftig arkitektur.

Men fornuft omhandlar også meir enn fornuft retta mot estetikk og menneskeleg skala. Byggenæringa står i dag for 40% av all CO2 utslepp i verda.<sup>10</sup> Dette har både politikarar, folk og byggebransjen tatt meir og meir inn over seg, i tillegg til at det er nærmare blitt eit statussymbol og ein marknadsfordel å visa til at ein tek ansvar når det gjeld bevaring,

<sup>6</sup> Smithson 1974:28

<sup>7</sup> Ramsvik 2019

<sup>8</sup> Arkitekturopprører 2023

<sup>9</sup> Arkitekturopprøret.no u.å.

<sup>10</sup> Klima- og miljødepartementet 2021: 53, 123

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

energisparing, ombruk og gjenbruk. Her ser me allereie ein tendens der ein gir byggverk lenger levetid som eit svar på å spara miljøet i tillegg til å skapa meirverdi med identitet og historieforteljing.



Figur 1: Rehabilitert betongrelieff bidreg til å styrke historieforteljinga - Foto: Kyrre Sundal, Henta fra Arkitektur.no

I denne samanhengen spelar arkitekturvern og miljøvern på lag og er nærmast to sider av same sak. Det blir meir enn dei flottaste, klassiske, bygga som vert verdifulle, men også dei som er verdifulle for å utnytta ressursar me allereie har samt forsterka og vareta historie og identitet ved hjelp av det som allereie er bygd.

I tillegg til høgare fokus på ombruk og rehabilitering med omsyn til klima og miljø, er det no enno meir aktuelt å sjå på eit større omfang av rehabilitering og bevaring. Grunna endra økonomiske føresetnadar i samfunnet. Stram økonomi og lågare sysselsetting i byggebransjen har vore resultatet av Covid-19-pandemien og deretter krigen i Ukraina. Desse faktorane har gitt høgare prisar på byggevarer, lågare kronekurs og i tillegg gjort det

vanskelegare å få investorar med på å satsa på nybygg. Både det private og det offentlege bremsar opp på bygging, spesielt nybygg, men det gjer ikkje at ein stoppar opp utviklinga. Det er enno behov for bygg som skal romma viktige funksjonar for eit velfungerande og velutvikla samfunn og dei skal vera etter den standarden som krevst for vår tid. Me ser frå dei døma som er nemnd tidlegare i teksten her, Rådhuset, Trekanten og Symjehallen, at det langt på veg er starta etablering av ein praksis med å ivareta og setta i stand bygningar frå etterkrigstida. Jo fleire bygg det blir, jo meir kunnskap og betre rutinar blir det. Her er ein foreløpig komen lengst innan næring, hotell, servering og kultur. Men det er også eit stort behov i omsorgssektoren for å sjå på rehabilitering og ombruk av bygg frå denne perioden. Så langt har tendensen vore å forlate dei, som sjukehusblokkene på Bragernes i Drammen og på Våland i Stavanger, og heller byggje nye sjukehus. Omsorgsbygg av denne typen har tilsynelatande ikkje ennå vore prioritert på linje med eldre omsorgsbygg. Det meste som er verna av bygningsmassen på Aker sjukehus i Oslo er frå før andre verdskrig.

Når ein snakkar om omsorgsarkitektur er det i all hovudsak sjukehus, sjukeheimar, omsorgsbustadar og tilsvarande som er meint. I desse yrka og i bygga som innehavar omsorgsfunksjonen jobbar det per i dag flest kvinner.<sup>11</sup> Likevel høyrer me svært lite om kvinnene. Difor er det aktuelt å sjå på denne typen bygg utifrå eit kvinnekaperspektiv og korleis kvinner hadde ein innverknad på utviklinga av bygga

Kjønns og likestillingsdebatten er ein viktig debatt som rommar mange aktuelle problemstillingar også i dag.

I norsk arkitekturhistorie er det lite dokumentasjon på kvinnelege arkitektar som har designa brutalistiske bygg. Lite dokumentasjon og allmenn kunnskap er tilgjengeleg frå heile etterkrigstida. *D2-magasinet*, hausten 2023, utforskar denne utfordringa gjennom serien «Kvinnene som bygget landet».<sup>12</sup> På den tida desse bygga vart reist var det ein gryande medvit om skeivbalanse mellom kjønn mot det internasjonale kvinneåret i 1975.<sup>13</sup> Eit sentralt spørsmål som er aktuelt og som eg ser nærmare på i denne oppgåva, er difor: Kvifor me høyrer så lite om kvinnene som var ein del av brutalismen i Noreg? Kvinner i arkitektur er på ingen måte eit nytt fenomen, og var heller ikkje det då. Likevel er det lite fokus på

---

<sup>11</sup> Helsedirektoratet 2023

<sup>12</sup> Larssen 2023

<sup>13</sup> Halsaa 2007

kvinners rolle innan brutalismen i Noreg. Kanskje dei ikkje var så mange, eller kanskje dei hadde andre oppgåver innan arkitekturen.

I nyare tid har me hatt store debattar om kjønn, makt og mannssjåvinisme i lys av #MeToo og liknande kampanjar dei siste åra. Dette har nok ein gong fått fram kor store skilnader det er mellom menn og kvinner, og har vore ei påminning om kor fundamentale desse skiljelinjene har vore historisk. Sjølv mange tiår med feministisk innsikt innan humanistisk forsking har ikkje fjerna ubalansen mellom kvinner og menn. Norsk arkitekturhistorie har vore eit mansdominert felt, både med tanke på aktørane den handlar om og dei som har skrive historia, med den konsekvens at mange kvinner har blitt neglisjert eller redusert til statistar. Dette betyr ikkje nødvendigvis at dei ekskluderte kvinnene har vore formidable arkitektar. Det betyr først og fremst at dei ganske enkelt ikkje har blitt vurdert på lik linje med samtidige menn og dermed ikkje fått vera ein del av den større forteljinga om norsk arkitektur. Eit konkret døme på dette finn me når ein ser dokumentaren *Vareflom i gammelt miljø*<sup>14</sup>, med Mari og Gullik Kollandsrud. Dokumentaren er lagt opp til ein 30 minuttar lang samtale mellom programleiar og arkitekt. I starten er det berre Gullik som vert introdusert som «arkitekten» og som intervjuobjekt. Mari ser ein i bakgrunnen og til slutt vert ho introdusert som Gullik si kone, som tilfeldigvis også er arkitekt. Dette dømet er frå ei tid der det var ein heilt annan haldning til kva som var kvinner sin «plass» i samfunnet. Enno kan ein merka ein skeivbalanse mellom kjønn. Til dømes ved at ein i lærebøker på arkitektutdanningane og også i førelesningar framleis har flest døme der det er mannlege arkitektar. Dette aktar eg å gjere noko med i denne oppgåva, blant anna ved å framheva kvinner som sjeldan eller aldri har blitt nemnd før og stille kritiske spørsmål til ubalansen i den norske kanon. Denne oppgåva skal vere med på å auka fokus på kvinnesida innan den brutalistiske omsorgsarkitekturen i Noreg.

## Metode

Denne oppgåva er i hovudsak basert på litteraturstudie, dokumentanalyse og grundige analyser av utvalde bygningar. Den er altså tufta på kvalitative prinsipp.<sup>15</sup> I meir spesifikk forstand byggjer den på data frå offentlege arkiv og dokument, samt faglitteratur som gir ei

---

<sup>14</sup> NRK 1969

<sup>15</sup> Grønmo 2023

djupare forståing av temaet, slik som teoretiske bøker og artiklar frå fagpresse. Dette er supplert med avisartiklar og andre populære kjelder som diskuterer relevante tema. Ved å både ha det faglege og det meir «folkelege» aspektet meiner eg at eg oppnår å komma djupare inn i tematikken og på den måten kunna betre drøfta og svara på problemstillinga.

I arkivstudia har eg i all hovudsak fokusert på stoff som omhandlar brutalismeomgrepet, kvinnelege arkitektar innan omsorgs- og brutalistisk arkitektur samt berekraft innan arkitektur- og byggebransje. Fellesnemnaren for heile oppgåva, og den raude tråden mellom desse tre forholdsvis store tema, vil vera offentleg omsorgsarkitektur. Derfor vil eg spesielt byggje på tekstar som skildrar og klassifiserer denne typen arkitektur. Denne fellesnemnaren vil også hjelpe meg i å avgrensa oppgåva.

Nærstudia er sentrert rundt tre døme som er valt ut med tanke på å vise ulike skjebnar for brutalistiske omsorgsbygg. Målet har også vore å identifisera døme der kvinner har hatt innverknad på desse, enten som arkitektar, eller som brukarar.

Omgrepet omsorg i desse bygga er lik i form i lys av at alle har funksjon innan helsesektoren. Det er likevel ulike delar av omsorgssektor, frå behandling, til opplæring innan helsesektor. Det første dømet er tidlegare nemnde Stord sjukehus, som er eit freda kompleks. Det andre er Os sjukeheim, som per i dag ikkje har noko vernestatus, men som er gjenstand for ein pågåande diskusjon om kva den skal brukast til, korleis og når.<sup>16</sup> Begge desse omsorgsinstitusjonane er teikna av Molden Arkitekter AS. Arkitektkontoret bestod opphaveleg av ekteparet Anna og Jostein Molden og er eit døme på et «mann-og-kone-kontor». Denne forma for kontor der ektepar drev sin arkitektpaktsis saman.<sup>17</sup>

Det tredje døme er Sjukepleiarhøgskulen ved Aker sjukehus teikna av Gert Walter Thuesen. Dette bygget skal rivast til fordel for ein større områdeplan.

Desse tre døma har eg analysert ved synfaring, studie av teikningar og offentlege byggesaksdokument. Eg har nytta meg av boka *Kulturhistorisk värdering av bebyggelse av Axel Unnerbäck* som utgangspunkt for mi eigen analyse. Saman med annan teoretisk litteratur om dei aktuelle emna. Ved å analysera og samanlikna desse tre bygga vil eg forsøka å auka forståinga av brutalistiske omsorgsbygg. Desse analysane bidreg til at eg kan

---

<sup>16</sup> Vangsnes 2022

<sup>17</sup> Findal 2004: 106

peika på moglegheitsrommet for denne typen arkitektur og korleis ein kan ombruka desse bygga med tanke på både formidling av Norsk arkitekturhistorie, men ikkje minst også i favør for miljøet.

Oppgåva har eit fokus på arkitektur der kvinner har hatt innverknad. Den vil slik vera eit bidrag for meir skriftlege kjelder som tek for seg kvinnelege arkitektar innan brutalismen og omsorgsarkitekturen i Noreg og også korleis desse bygningane kan ha ein viktig del med omsyn til berekraftig utvikling sett frå ein feministisk synsvinkel.

#### Oppbygging, litteratur og kjelder

Hovuddelen i denne oppgåva er bygd opp i tre delar. I første del tek eg for meg mi forståing av sjølve brutalismen og korleis eg les den ut frå litteratur og kjelder eg nyttar meg av. Med mi forståing av teorien vil eg skildra historia og betydninga av brutalismen sin karakteristikk som arkitektonisk stil, men kanskje endå meir som korleis den er forstått som omgrep og filosofi frå opphavet og fram til i dag. Eg rettar spesielt fokus på norsk brutalistisk omsorgsarkitektur, men med referansar til relevante dørmer og kontekstar i nasjonal og internasjonal samanheng for å få ein meir heilskapleg forståing.

Forståing av omgrepa brutalisme og nybrutalisme er viktig å klargjera. «Brutalisme» er det omgrepet som blir nytta mest, også som eit samlande omgrep. Her vil sentrale kjelder vera henta frå *Team 10 Primer*, som er ei samling av artiklar frå gruppa Team 10. Denne gir eit inntrykk av gruppa si tilnærming til datidas moderne arkitektur og raske utvikling.<sup>18</sup> Samlinga er redigert av den britiske arkitekten Alison Smithson, som saman med ektemannen Peter er sett på som dei som først gav liv til omgrepet *Nybrutalisme*.

*Words and ideas, personalities and discontents chimed together and in matter of weeks – long before the Third Programme and the monthlies had got hold of the phrase -it had been appropriated as their own, by their own desire and public consent, by two young architects, Alison and Peter Smithson.*<sup>19</sup>

---

<sup>18</sup> Smithson 1974: 6

<sup>19</sup> Banham 1955

Tekstsamlingane i *Team 10 Primer* viser til korleis brutalismen ikkje berre var ein arkitektonisk stil som oppstod, men også ein filosofi eller tankesett om ein vil, om kva arkitektur er og, kva det kan og bør løysa for samfunnet. Dette er idear og tankar som kan visa seg nyttig også for framtidig utvikling. Eg har samanlikna desse tekstane mellom anna med artikkelen «*The New Brutalism*» i *Architectural Review* frå 1955 av den britiske arkitekturkritikaren Reyner Banham, som har ein meir «pragmatisk» haldning til arkitekturen og omgrepene enn kva Team 10 hadde. Banham hadde ei tydeleg stemme, og var ein dyktig skribent. I *Architectural Review* definerer han brutalismen sine kjenneteikn gjennom tre grunnleggjande kriterium:

*1, Memorability as an Image; 2, Clear exhibition of Structure; and 3, Valuation of Materials «as found».*<sup>20</sup>

I brutalismedelen av oppgåva støttar eg meg altså på faglitteratur som omtalar og skildrar brutalismen og betydninga av arkitektur i samtida. For å sette dette inn i norsk kontekst tar eg også med meg teori og innhald frå hovudoppgåva til Espen Stange *Inspirert av The New Brutalism? – arkitektureksempler fra Bergen sett i lys av Alison og Peter Smithsons teorier*, som skildrar brutalistiske bygg i Bergen. I tillegg nyttar eg meg av nyare tekstar som er skrive. Mellom anna masteroppgåva til Lars Erik Brustad Melhus, *Fortellinger om Norsk Brutalisme*.

Ved nærmere undersøking av nyare litteratur innan emnet er det også grunn til å undra seg over at det er så få omtalar av kvinner når ein skal gi dømer på og om brutalismen. Kvinnene glimrar framleis med sitt fråvær frå historia. I heile avhandlinga til Stange er det ikkje tatt ut eit einaste døme der det er ei kvinne som har verken teikna eller vore medverkande til den reiste arkitekturen. På trass av at Anna Molden var del av firmaet Molden arkitektar som hadde svært stor innflytelse på Vestlandet gjennom fleire dømer av brutalistiske bygg reist i Bergen og omland.<sup>21</sup> Kvinner er derimot representert i refererte tekstar, slik at avhandlinga er ikkje berre skildra frå ei mannsdominert side.

---

<sup>20</sup> Banham 1955

<sup>21</sup> Hansteen 1986: 418

For å sjå fortida opp mot framtida har eg også sett nærare på debatten som går føre seg når det gjeld omtale og kritikk rundt eksisterande brutalistisk arkitektur. Her har eg sett til og dykka inn i avisartiklar og debattinnlegg som omhandler meningar rundt brutalistiske bygg og slik få fram dagens diskurs, haldningar og forståing rundt denne.

Det er ein del trådar eg skal nøste opp i kapitelet om brutalisme, men for å sortere litt kan ein sjå på det i ein tredeling av emnet brutalisme: For det første eit historisk perspektiv, frå den tida omgrepet vart definert. For det andre teori frå etter år 2000 som eg vil omtala som notid. Og til slutt diskusjonen som går føre seg utanfor den faglege kretsen, den «folkelege» oppfatninga.

Etter å ha fått ei tydelegare ramme og forståing av brutalismen sett frå eit historisk perspektiv og fram til i dag har eg studert og analysert dei tre ulike casane som eg presenterer. Dette har vore viktig for kunna samanlikna korleis desse tre bygga blir ivaretatt vidare. Kva kriterium og vurderingar som er gjort for å avgjera kva bygga skal nyttast til og korleis dei skal bli teken vare på vidare. Dei viktigaste analysane av bygga for denne oppgåva har vore å finna ut korleis desse er dokumentert og skildra med tanke på at dei er døme på brutalistisk omsorgsarkitektur, kvinneleg arkitekturhistorie og berekraftspotensialet ved å ta vare på dei.

I neste del endrar eg perspektivet til kvinnerolla. Eg utforskar kva innflytelse kvinner har hatt innanfor dette emnet frå før brutalismen var definert som eige omgrep og fram til i dag. Her er det i likskap med føregåande kapittel om brutalismen i Noreg viktig å innleia med ein overordna historisk kontekst. Det er viktig å forstå den historiske konteksten og korleis kvinnerolla var på den tida samanlikna med i dag. Kva som er ulikt og kva som er likt. Eg har nytta meg av boka *Mindretalelets mangfold* av Wenche Findal som hovudkjelde og utgangspunkt for dette kapittelet for å få eit overblikk over kvinner innan norsk arkitekturhistorie. På same måte som i kapittel om brutalismen, går eg også her tilbake i tid frå før 1960- og 70-åra og heilt fram til i dag.

I omtala av boka reiser forlaget sjølv spørsmålet: «*Bygger kvinner annleis enn menn?*». Dette er noko Findal antydar i boka. At kvinner har eit anna tankesett når det gjeld å tenke arkitektur som gir ein særskild kvalitet.<sup>22</sup>

Dette spørsmålet er interessant å ta tak i og utforska i kontekst av denne oppgåva. Derfor er det etter den teoretiske biten med historisk kontekst naturleg å zooma inn på sjølve tema som denne oppgåva omhandlar. Nemleg brutalistisk omsorgsarkitektur, men denne gangen frå eit kvinnesperspektiv.

I internasjonal kontekst så kan me i alle fall seie at ei kvinne har hatt stor innverknad på korleis brutalismen har vore tenkt og planlagt. Hovudpersonen, sjølv om ho var saman med mannen sin Peter, er Alison Smithson. *Team 10 Primer* vil i så måte også vera med som kjelde i denne delen. Denne samlinga av tekstar, redigert av Smithson gir etter mi mening ei god og brei skildring av filosofien bak brutalismen. I lyset av dette, vil det vera interessant å reflektera over om dette er ein arkitekturfilosofisk retning som passar best for kvinnelege arkitektar framfor deira mannlege kollegaer. Eller på den andre sida så er kanskje ikkje kjønn det viktige her, men heller det me kallar feministisk planlegging, uavhengig om ein sjølv er mann eller kvinne men enkelt og greitt humanistisk planlegging.<sup>23</sup>

Her vil eg vidare ta med meg døme frå dei tre bygga eg har valt å studera nærmere i kapittel 2. Slik brukar eg konkrete bygningar som døme for å sjå på dei med eit kvinnefokuset.. Dei to første døma eg har valt ut som hovuddøme i oppgåva, er alle teikna av ein kvinneleg arkitekt, men i partnarskap med ein mann. Eller det som i Findal si bok er omtala som «*mann-og-kone-kontor*».<sup>24</sup> Det tredje bygget er teikna av ein mann, men har fungert som eit bygg som i all hovudsak har vore nytta av kvinner. Ein kan på ei måte sei det slik at dei to første døma er altså *av* kvinner, det siste er *for* kvinner.

Det viser seg å vera utfordrande å finna mange døme på bygg i Noreg der det har vore ein kvinneleg arkitekt som har teikna brutalistiske omsorgsbygg. For å finna ut meir av dette har eg mått undersøka om det til dømes ikkje var like mange kvinner som var arkitektar på denne tida, eller om dei gjorde heilt andre ting etter fullført arkitektutdanning.

---

<sup>22</sup> Findal 2004: Bakside omslag

<sup>23</sup> Haukali 2018: 37

<sup>24</sup> Findal 2004: 106

Det har her vore av stor interesse å finna ut meir om kven dei kvinnelege arkitektane i Noreg var på denne tida og kva betydning og påverknad dei hadde på den brutalistiske retninga. Sjølv om dei ikkje nødvendigvis har hatt ansvar for nokon signalbygg, har dei gjerne vore med på å påverka og bidratt til dette.

Intensjonen er ikkje å gje ei fullstendig oversikt over alle kvinnene og deira bidrag, sjølv om det også hadde vore nyttig. Intensjonen har vore å danna eit oversiktleg bilet som inkluderer fleire kvinner enn det som tidlegare har vore i fokus. Sidan det står lite om brutalismen sine kvinner i Noreg, har eg støtta meg spesielt til to kjelder som omhandlar norsk kvinnehistorie innan arkitektur. Her har eg nytta Wenche Findal si bok *Mindretallets mangfold* som gir eit overblikk over historia både før og etter etterkrigstida. I tillegg til *Kunstvæversker og Arkitekter* av Mathilde Sprovin, som i all hovudsak tek for seg temaet frå perioden før, men som gir ein kontekst.

Denne oppgåva rettar hovudfokus på dømer frå Noreg, men det vil samtidig vera nokon tilfelle der det har vore nødvendig å sjå utover landegrensene for å finna ut om det er nokon likskapstrekk eller forskjellar mellom Norsk og internasjonal praksis.

I dag, uansett kva type arkitektur eller vernediskusjon det er snakk om, er ikkje berekraftig utvikling til å kome utanom. Difor er siste kapittel dedikert til akkurat dette emnet.

Vinklinga på den brutalistiske omsorgsarkitekturen sett i lys av korleis den brutalistiske bygningsmassen innan omsorgsarkitekturen kan nyttast som ein del av ei berekraftig utvikling.

Kapitelet startar med å forklara og definera det relativt omfattande berekraftsomgrepet som me hører om i dei fleste samanhengar i dag og gjerne kan oppfattast som såpass utvatna at tyngda i det nærest har forsvunne. Her presenterer eg kva del av berekraft eg vel å fokusera på i oppgåva og korleis det vert nytt i dette kapitelet for å berika og gi ein samanheng i akkurat denne teksten.

Med det som grunnlag går eg vidare med å setta søkelyset på korleis desse bygga er ressursar me har tilgang på og som kan nyttast innan vår felles historieforteljing, kulturarv og korleis dei også kan vera viktige spelebrikkar for å oppnå berekraftsmåla me har forplikta oss til å oppfylla.

Det er då med tanke på alle tre delane av berekraft. Sosial, økonomisk og miljømessig. Mellom anna er statistikk på co2 rekneskap som visar effekt på ombruk av bygg relevant å utforska meir for å kunna konkretisera kva moglegheiter og effekt ombruk av bygg vil kunna ha på den miljømessige delen av berekraft. På den andre sida kan det også gje ein peikepinn på kva hindringar som er der. I tillegg har eg i dette arbeidet også nytta meg av rapportar og offentlege dokument. Mellom anna strategidokument som tek føre seg strategi for berekraftig utvikling av eigedom for å synleggjere korleis dette er tenkt å løysast. Her har eg sett på *Arkitektur+ frå Bergen kommune og Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning*.

Innanfor berekraftskapitelet vil eg også koma inn på dei sosiale aspekta. Dette er relevant både med tanke på tekstane om brutalismen frå Team 10. Men også i eit kvinne- og likestillingsperspektiv. Eg ser her på korleis det er relevant å trekka parallellear mellom arkitekturen og sosial berekraft. Og stiller vidare spørsmål til korleis arkitekturen og formidling av den kan hå noko å sei innan sosial berekraft.

Den politiske vinklinga med velferdsstaten som utgangspunkt er også eit tema som eg refererer til i dette kapitelet. Den er ei sentralt del av historia, og har tilsynelatandesett nokon føringar også på arkitekturen. Eg har av den grunn måttå sjå nærmare litteratur som skildrar velferdsstaten. Velferdsstaten og ideen om denne er noko som er relevant både med tanke på kva som var viktig når arkitekturen vart oppført, men også i dag når me skal forvalta den og bevara den. Velferdsstaten heng også saman med sosial berekraft.

Her har eg nytta boka *Den norske velferdsstaten* av Aksel Hatland, Stein Kuhnle og Tor Inge Romøren (red.).

Gjennom desse tre vinklingane vil eg synleggjera nokon nye perspektiv på den brutalistiske omsorgsarkitekturen. Og på den måten få fram dei mogelegheitene som finns ibuande i denne arkitekturen. Målet er å gi eit bidrag til ei betre forståing av samanhengane og korleis ein kan og bør verna og bruka desse bygga sett i samanheng med dagens behov og kontekst saman med berekraftsmåla.

## Del 2: Brutalismen – ei samfunnsrøyst og ein stil

### Innleiing

I dette kapittelet skal eg sjå på omsorgsarkitekturen gjennom forståing og kunnskap om brutalismen. Eg tar for meg den «usynlege» meiningsa med retninga men eg vil også i det vidare arbeidet peike på dei karakteristiske visuelle kjenneteikna som den arkitektoniske stilretninga har. Med «usynleg» meiner eg dei ideala og arkitektoniske teoriane som låg bak planlegginga av arkitektur i den tida og av dei arkitektane som teikna dei brutalistiske bygga me kjenner og som blir presentert i denne oppgåva. Her vil eg mellom anna fokusere på korleis Banham skildrar fenomenet i forhold til Smithsons. Hos Banham finn ein mellom anna omgrepet «as found», eksponert konstruksjon og at bygget tydeleg skal uttrykkje si funksjon. Smithsons på si side har også delar av dette men dei har helst vist si interesse i å forstå den menneskelege konteksten. Korleis det urbane og korleis bygga fungerer for menneska som lever i og med dei.

Teksten tek for seg korleis eg les og tolkar teorien rundt dette emnet heile tida med fokus på arkitektur som rommar omsorgsføremål.

I tillegg til teori har eg gått litt nærmare og analysert 3 ulike brutalistiske bygg som har direkte eller indirekte funksjon som omsorgsbygg. Her diskutere eg moglegheiter og utfordringar ved for å vedlikehalda og bevara desse bygga. Eg viser her til dømer frå brutalistisk omsorgsarkitektur oppført i Noreg i 1960 og 70-åra.

### Omgrepet

Byggverk innan brutalismen vart til for å dekkja menneskelege behov, men blir i dag oppfatta som det motsette av ein god del meiningsytrarar. Talette Rørvik Simonsen, seniorkurator ved Nasjonalmuseet, skildrar i eit intervju i *Arkitektnytt* i januar 2020 kor brutalismen henta sitt idegrunnlag frå. Mellom anna forklarar ho at i brutalismen ser ein mellom anna til sosiologien, den teoretiske matematikken og til renessanseideala. Sosiologien som ho nemner her var eit nytt fag i utvikling og er spesielt interessant med tanke på korleis Alison og Peter Smithson omtala og definerte nybrutalismen. Brutalismen

er rå og direkte.<sup>25</sup> Rå og direkte både i det visuelle uttrykket, men også i det den skal løye. Her skulle ein ikkje legge skul på kva som skulle til for at bygget skulle stå eller at eit bygg treng tekniske føringar. Dette skal ein sjå og kjenne når ein observerer eller trer inn i eit brutalistisk byggverk.

Lars Erik Brustad Melhus skildrar forskjellen mellom dei to betydningane av ordet brutalisme ved å samanlikna Alison og Peter Smithson sine skildringar med Reyner Banham:

*Oppfatningen av brutalismen som monumental, med kraftfulle former og tunge materialuttrykk, er konstruert av Banham heller enn av Peter og Alison Smithson. Den Smithsonske versjonen av brutalismen er snarere anti-monumental og tilfeldig, båret fram av et direkte ønske om å uttrykke hverdagslivet i alle dets folkelige fasetter.<sup>26</sup>*

Espen Stange peikar også i si hovudoppgåve frå 2001, *Inspirert av The New Brutalism?*, på at New Brutalism som hadde sitt opphav frå Smithsons definisjonar handla i all hovudsak om omgrepene som teori med omsorg til folk. Vidare seier han at *Brutalist style*, som han omtalar som ein avleggar av New Brutalism, var og er meir korrekt forstått som ein stil. Brutalist style hadde i følgje Stange sitt høgdepunkt i midten av 1960-åra i Europa. Litt lengre i Noreg.<sup>27</sup> Men det er også viktig å påpeike, i kontrast til det Melhus påstår, at the Smithsons også dyrka det monumentale — primært i form av stor skala — i mange av prosjekta sine, ikkje minst Robin Hood Gardens i London, som stod ferdig i 1972. Det var ein betongkoloss som vekte mykje debatt, både i samtid og seinare. I 2017 begynte rivinga, til protestar frå dei som ville verne komplekset, til jubel frå dei som meinte at det var ein utrangert mastodont.<sup>28</sup>

---

<sup>25</sup> Van Zijp 2020

<sup>26</sup> Melhus, 2013: 24

<sup>27</sup> Stange 2001: 5

<sup>28</sup> Lynch 2017



Figur 2: Riving av Robin Hood Gardens i 2017 - Foto henta frå Dezeen.com

Brutalisme er eit omgrep som opphavelig stammar frå Sverige og ført i pennen av arkitekt Hans Asplund. Asplund omtala Villa Göth, teikna av Bengt Edman og Lennart Holm, på ein heller sarkastisk og spøkefull måte, som neo-brutalistisk i 1950 .<sup>29</sup> Dette var startskotet på eit omgrep som har vore tolka, misforstått, gjenoppliva, elska og hata heilt sidan den gongen og fram til i dag. Når ein ser Villa Göth er det gjerne ikkje brutalisme som er det fyrste ein tenkjer på. Dette er nemleg ikkje eit døme som viser «betongbrutalismen». Likevel er det altså dette bygget som blir rekna som «Pasient 0» innan brutalisme. Med sitt ærlege bruk av material, i denne samanheng teglstein, synlege stålbjelkar og ope planløysing for å nemne noko. I tillegg så er uttrykket nøkternt og ikkje prangande og overdådig. Den er enkel estetisk, med fokus på det funksjonelle frå innsida og ut. Her danna ein altså grobotn både for eit program slik Smithsons tok til seg omgrepet, men også for estetikken eller stilens som i all hovudsak er knytt til Banham sine skildringar.

Omgrepet vart frå Sverige tatt vidare til England der omgrepet fekk ein meir diskutert og formulert mening. Dei som fekk æra av å ha tatt omgrepet til dei britiske øyer var arkitektparet Smithson. Asplund uttrykte seg om dette i ein sarkastisk tone i eit brev til Eric

<sup>29</sup> Vidler 2012:5

de Marè trykka i *Architectural Review* i august 1956. Her skildrar han korleis uttrykket gjekk frå hans eige omgrep *neo-brutalistisk* til New Brutalism.<sup>30</sup> Tonen i brevet er ganske nedlatande mot dei unge arkitektane. Frå Sverige til England hadde derimot omgrepet endra karakter i nokon grad.

Smithsons tok i bruk uttrykket «nybrutalisme», som kommunistane i LCC (Arkitektavdelinga til London County Council) sarkastisk hadde brukt for å karakterisera den «Moderne Arkitektur» sitt etablerte språk – flate tak, glas og open struktur, med andre ord, ein «moralsk avveg». Gjennom nokre intense veker i 1954, vart meininga av uttrykket forandra, frå eit skjellsord då Asplund nytta det om Villa Göth, til eit program og eit bodskap i eigarskap av Smithsons.<sup>31</sup>

Ved hjelp av Smithsons, hadde nybrutalisme no blitt eit slagord brukt opp mot, med også på lag folket. Slik skildrar Reyner Banham kva som hadde skjedd.

*The New Brutalism ceased to be label descriptive of a tendency common to most modern architecture, and became instead a program, a banner, while retaining some-rather restricted-sense as a descriptive label.<sup>32</sup>*

Me skal fleire gonger inn på Smithsons og Banham, men om ein skal snakke om brutalisme er eit viktig stopp på vegen også å ta ein avstikkar og sjå på den svært kjente Sveitsisk-Franske arkitekten Le Corbusier. Sjølv om Le Corbusier ikkje eksplisitt definerte eller diskuterte "brutalisme" er hans prinsipp og arbeid ofte sett på som føregangarar til brutalistisk arkitektur. Han la grunnlaget for mange av dei estetiske og filosofiske ideane som brutalistiske arkitektar seinare ville ta til seg og utvikle, med ei poetisk tilnærming til den rå betongen, med synlege spor av forskaling. Det er ikkje utan grunn at Banham nytta Le Corbusier sitt sitat frå boka *Mot en arkitektur* til å sette ann tonen når han skriv om nybrutalismen i fagtidsskrifta *Architectural Review* i 1955.

---

<sup>30</sup> Stange 2001: 13

<sup>31</sup> Stange 2001: 13

<sup>32</sup> Banham 1955

« *L'Architecture, c'est, avec des matières brutes, établir des rapports émouvants r'nouvants.* »<sup>33</sup>

På Norsk blir dette sitatet som følgjer, ved hjelp av Chat GTP : Arkitektur er å etablera kjensleladde forhold med råmateriale». Dette er slik eg tolkar det ein måte å visa tydeleg at sjølve råvarene, eller materiala ein nyttar i oppføringa av arkitekturen har ei viktig rolle for at ein i det heile tatt skal kunna kalla det arkitektur. Det er denne ærlege bruken av material og synleg konstruksjon som er det som knyt brutalisme både i form av filosofisk og estetisk prinsipp saman.

Le Corbusier bruker uttrykket *Beton brut, rå betong*, eit uttrykk som han først brukte om ubehandla betong, der spor av forskalinga vart nytta som eit arkitektonisk uttrykk i all sin ærlegdom. Le Corbusier fremja bruken av omgrepene i arkitekturen, og dette prinsippet skulle seinare bli sterkt knytt til brutalismen og har kanskje ført til at sjølve materialet betong har vore oppfatta, i nokon tilfelle, som einstydande med brutalismen.

Brutalismeomgrepene har altså sine røter både frå Skandinavia og Europa, men det er først i England det etablerer seg skikkeleg. I det uttrykket *beton brut* gjekk frå å vera Le Corbusier sitt og *neo-brutalisme* frå Asplund, til at begge ender opp med å tilhøyra Smithson-paret skjedde det ei endring i både bruken og meiningsa.<sup>34</sup> Allereie her vart altså omgrepene eit «offer» for transformasjon, og med det eksponert for feiltolking og forvirring.

Det var kanskje også passande med at omgrepene gjekk gjennom ein transformasjon, eller endring om du vil. Sidan noko av det viktigaste arkitektar har som føremål, i følgje Smithsons, er å kunna navigera og skapa arkitektur som kan takla endringar etter kva behov samfunnet har i den aktuelle tida den er i. Noko som me også kan kjenna igjen i dag der både miljø, økonomi og samfunnet er i stadig raskare endring. Verre er det med feiltolking og forvirring. Her feilar omgrepene på formidlinga til folket. Og det er jo trass alt alltid nettopp *folket* i den betydning at folket betyr både fagfolk, observatørar og direkte- og

---

<sup>33</sup> Banham 1955

<sup>34</sup> Banham 1955

indirekte brukarar av arkitekturen, «*folk flest*» om du vil, som er brukarane av arkitekturen og som difor må kunna forstå og vera komfortabel med det bygde. Eller?

Espen Stange samanfattar «dragkampen» mellom Smithsons og Banham sitt eigarskap overfor brutalismen. Der han også peiker på fordelen til Banham og hans måte å vera konkret og forståeleg i sitt forfattarskap, som kanskje også har gitt brutalismen som stilretning eit fortrinn framfor den meir uhandgripelege framstillinga til Smithsons som går meir mot det «usynlege». Det politiske og etiske, som igjen ikkje er så lett å oppfatta utanfor dei kretsane som har særskild interesse for arkitektur og byplanlegging som fagfelt.

*Smithsons utformet og introduserte begrepet New Brutalism, Banham «overtok det, utvidet det og populariserte det for en hel verden. Banhams første essay om emnet, «The New Brutalism» i Architectural Review i desember 1955, er derfor det mest interessante i denne sammenheng. Det ble publisert samtidig med de grunnleggende «statements» fra ekteparet Smithson, og utformet før Brutalist style ble et stilbegrep eller en motetrend. Dette essayet ble av arkitekter og kritikere i samtiden ansett som et mer relevant manifest, enn Alison og Peter Smithson sin artikkel samme sted i januar 1955. I sitt essay viste Banham én av sine styrker som forfatter, nemlig rollen som historieforteller.<sup>35</sup>*

For å forenkle alt kan ein sei at brutalismeomgrepet består av to hovudspor. Det eine handlar om det handfaste og synlege det andre er det uhandgripelege og tankane bak. Eg vil påstå at omsorga for menneske og menneskelege behov stod heilt sentralt i sistnemnde.

### Brutalisme i dag

Brutalisme blir ofte sett på som synonymt med rå betong. Men dette er berre ein liten del av sanninga. Her vil eg presentera meir av det som kjenneteiknar brutalismen, for det er heilt tydeleg etter å ha lese tekstar av Smithsons og Banham, at det er meir enn berre rå

---

<sup>35</sup> Stange 2001:23

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

betong det handlar om. Det er denne utvida meiningsområdet som er mest relevant i dag, i samband med den tematikken og utforskar i denne oppgåva.

Rå betong med spor av forskaling blir assosiert med brutalismen. Og det med rette. Men ein kan argumentera at *Beton brut*, som Le Corbusier kalla det, er meir eit omgrep som skildrar ein teknikk innan bruk av betong som estetisk verkemiddel meir enn det er ein stil. Det er sjølv sagt ikkje til å komme vekk frå at det for det meste er betong som spelar hovudrolla i den brutalistiske arkitekturen. Dette kom nok også av tida brutalismen vart oppført, der betong var eit material med auka popularitet og der teknologien gjorde det mogeleg å bygga på ein økonomisk måte med eit material som i all hovudsak skulle vara evig og vera vedlikehaldsfritt. Dette kjem eg meir inn på i del tre av oppgåva som omhandlar berekraft, bruk og ombruk. I tillegg til betong kjem også brutalismen til uttrykk med andre material og teknikkar. For dei to døma Villa Göth som nemnd tidlegare, og Hunstanton School av Smithsons. I begge dei tilfella er det teglstein, stål og glas som er nytta i tillegg til betong.



Figur 3: Villa Göth - Fotograf Sune Sundahl - henta frå digitalmuseum.se



Figur 4: Hunstanton School - Photo av Christopher Hilton, Henta fra Wikimedia.org

I Noreg har me ikkje veldig mange døme på brutalisme utan betong, som peiker seg ut frå tida 1950-1970 talet. Eit døme er St. Hallvard kloster og kyrkje på Enerhaug i Oslo, teikna av Lund og Slaatto. Om me går litt kritisk til verks og ser på bygg som ofte blir sett i kategorien brutalisme, kan me likevel sjå nokon avvik. Spesielt dersom ein skal ha med kriteriet «as found» som elementært for å kunne sette det innunder brutalismen. Då vel eg å trekke fram Erling Viksjø sine byggverk. Til dømes Bergen rådhus, Høgblokka i Regjeringskvartalet eller Trekanten (tidl. Oslo helseråd). Her er det nytta naturbetong. Ein teknikk som i aller høgaste grad er behandla. Men samtidig har ein dialog og respekt for naturen og korleis småsteinen appellerer til mennesket.<sup>36</sup> Det er rett nok enno betong. Men her er det tilsetninga av elvesteinane, som er spylt fram etter den har vore støypt, som er det viktigaste estetiske verkemiddelet for overflata og ikkje sjølve betongen. Betongen er dermed i dette tilfelle, etter mi påstand, ikkje i nærleiken av «as found», medan steinen jo sjølv sagt det. Sånn sett kan desse bygga kanskje diskuterast om dei i det heile tatt skal bli omtala og sortert under brutalismen? Verken som program eller stil. Espen Stange skriv følgjande:

*Det som bandt forskjellige New Brutalism-uttrykk sammen, var felles holdninger som sto i klar opposisjon til etablert praksis. «As found»-estetikken, «pro-working-class»-holdninger og en klar holdning til samtidsrealisme, objekter og materialer i den umiddelbare daglige nærhet, dannet utgangspunkt for kunstnerisk produksjon.<sup>37</sup>*

<sup>36</sup> Johnsen 2020 :274

<sup>37</sup> Stange 2001: 14

Det kan vera vanskeleg å forstå og kommunisera noko som stadig har ei ny meinings. I tillegg til at det i den moderne tid også er ein tendens til at ulike ismar overlappar kvarandre og kan vera utfordrande å skilja. Spesielt etter den industrielle revolusjon, der teknologien har gjort at teknikkar og samfunn har endra seg raskare og raskare.

Hanna Maria van Zijp skriv i Arkitektnytt 2020 at: *Brutalismen var demokrati, gjenreising og velferdsoptimisme*<sup>38</sup>

Med dette sitatet viser også ho til at brutalismen handlar om meir en nettopp materialet og estetikken. Det handlar om samfunn, folk og samtida. Og korleis arkitektane tok eit sosialt ansvar. Eit ansvar som fremja og hadde omsorg for samfunnet som heilskap framfor egoet.

*If you say aesthetic control is ethically wrong (as it clearly is), and one man should not have taste control over another man, it assumes that one has a responsible society, and that you can do away with control to a very large extent. The architect has to take that responsibility-social responsibility-on himself.*<sup>39</sup>

Dette var noko Team 10, med Smithsons i front, var oppteken av. Samfunnet skulle ha den viktigaste rolla og ikkje individet. Men ein kan også argumentera for den betydninga dei gav arkitekten. Nesten som ei moralsk vakt.

*The client naturally wants to express his ego, and he really is only interested in his own requirements; the architect must stand, as it were, between the client's ego and society.*<sup>40</sup>

---

<sup>38</sup> Van Zijp 2020

<sup>39</sup> Smithson 1974: 46

<sup>40</sup> Smithson 1974:46

I både Europa og i Noreg var det prioritert å bygge opp igjen etter krigen og få på plass dei viktigaste funksjonane for å ha eit velfungerande samfunn. Det betydde at bygningar som måtte på plass og det offentlege finansierte og reiste no bygg som skulle innehalde føremål som undervisning, offentleg administrasjon, bustad og ikkje minst helse og omsorg. Alle desse kan me karakterisera som ulike former for institusjonsbygg. Og alle bygga er tenkt med omsorg til samfunnstenelege og menneskelege behov.

I dag blir «*institusjonspreg*», likevel brukt som eit negativt lada omgrep. Oppfatninga av institusjonar som negativ kan delvis kome av ulike faktorar, inkludert arkitektoniske og planmessige element. Moderne institusjonar, spesielt innan helse- og omsorgssektoren, har av og til blitt kritiserte for å ha klinisk og steril design med kvite veggar, langstrakte korridorar og einsarta rom. Denne utforminga kan bidra til ei oppleving av kaldheit og manglande personleg preg.

Brutalistiske bygningar, sjølv om dei ofte deler visse institusjonelle trekk som massiv betong og funksjonalistisk design, kan variere sterkt i oppleving.

Det er viktig å merke seg at den subjektive oppfatninga av arkitektur kan variera frå person til person, og at bruken og tilgjengelegheta av rom inne og ute også spelar ei vesentleg rolle i korleis institusjonar blir oppfatta. Eit vellykka design bør ta omsyn til både funksjonelle behov og menneskeleg trivsel for å unngå at bygningar blir oppfatta som kalde og upersonlege, det kan sjå ut som om langt frå alle brutalistiske bygg eller etterkrigsarkitektur i heilheit har klart dette kunststykket. Men er det grunna sjølve brutalismen, eller kan ein tenke seg at det har vore innsparingar i prosessen av prosjekteringen av desse bygga, på same måte som me ser i dagens moderne byggeprosjekt? Ein kan vel også tenke seg at i ei tid der gjenreising av eit land som har lidd under krig, så er det fyrst og fremst basalbehova som kjem i første linje. Og at etter mange år med kritikk ser me at behova og krav til estetikken og oppleving har endra seg i takt med auka økonomi i samfunnet. Eit anna element som kan ha komen, er også oppussing og oppgradering i etterkant, som har fjerna opphavelege element og erstatta med det som har vore moderne akkurat der og då. Men tilbake til materiala. Og her er det materiala til sjølve bygningskroppen me talar om. Ikkje laust inventar som blir lagt til slik som møblar og utstyr.

Talette Rørvik Simonsen i Nasjonalmuseet trekker parallellar mellom brutalismen og samtidskunsten. Poenget var ikkje betong men å finna estetiske kvalitetar i eit eksisterande objekt. I intervjuet med Hanna Maria van Zijp i Arkitektnytt 24. januar 2020 seier ho vidare at dette stod sentralt i samtidskunsten og parallelane til brutalismen si ærlege materialbruksprinsipp.<sup>41</sup> Dette samsvarar også med Banham sitt tredje prinsipp. *Valuation of Materials «as Found»*. Brutalismen sin materialitet var altså i følgje Banham sitt tredje prinsipp, ikkje berre betong, men var heller verdsetting av å nytta material som dei er utan omarbeidning.

Dette prinsippet, saman med det andre prinsippet som omhandlar at ein har synlege konstruksjonar og tekniske føringar er begge tydelege prinsipp som kan peikar mot brutalismen som ein stil. Ein kan også seie det om første prinsippet som peikar mot eit minneverdig objekt, men samtidig er dette litt for subjektivt og spelar heller på kjensler. Det vil vera for ulikt frå person til person til å kunna målast, og sånn sett kan det kanskje ikkje berre tilhøyra brutalismen. Espen Stange skildrar omgropa stil eller isme i si hovudoppgåve.

*Begrepet stil må derfor betraktes som en samling likhetstrekk som modifiseres etter arkitektens individuelle intensioner, der denne ytrer seg i modus. Stil eller isme betrakter Werne som det kollektive fellesskap som gir seg til kjenne i sjablongmessig utførte verk og ukritisk bruk av ismens klisjeer. Arbeid i modus betraktet han som den individuelle ytring innenfor kollektivet som tilkjennegir den enkeltes kunstneriske selvstendighet.*<sup>42</sup>

Brutalisme er eit omgrep som har hatt sprikande betydning i norsk og utanlandske sammenheng. Tidlegare i teksten har eg vist til nokon av Espen Stange sine funn som samanliknar Smithson og Banham inn i Norsk kontekst. Ei noko nyare skildring om emnet er av Lars Erik Brustad Melhus. Han skriv i si masteravhandling, *Fortellinger om norsk brutalisme* frå 2013, at omgrepene er uoversiktleg og problemfylt. Han seier at det kan verke som om det er både for spesifikt og for generelt.<sup>43</sup>

---

<sup>41</sup> Van Zijp 2020

<sup>42</sup> Stange 2001:45

<sup>43</sup> Melhus 2013:9

Etter å ha lese tankar frå the Smithsons kan ein sjå på at prinsippa innan denne retninga begynte å nærma seg enkelte retningar innan humanismen.<sup>44</sup> Det var mennesket og menneskets velferd som skulle stå i sentrum. Omsorg for enkeltindividet og lokalsamfunnet. The Smithsons var familie- og nabolagsorienterte. Og brukte familien for å poengtera korleis byen med hus og nabolag burde planleggast og bli lagt til rette.

*The street is our second finite city element.*

*The street is an extension of the house, in it children learn for the first time of the world outside the family, a microcosmic world in which the street games change with the seasons and the hours are reflected in the cycle of street activity.*<sup>45</sup>

Ein ville kartlegge korleis folk hadde det i kvarldagen, ein ville identifisere optimale proporsjonar for dei fysiske rammeverka og henta tilbake historiske idear, til dømes plassar.

Byggverk innan brutalismen vart til for å dekkja menneskelege behov, men blir i dag oppfatta som det motsette. I brutalismen ser ein mellom anna til sosiologien, den teoretiske matematikken og til renessanseideala.<sup>46</sup> Brutalismen omtala av Smithsons er kjenneteikna av sosialt engasjement og reflekterer ein intensjon om å skapa inkluderande offentlege rom som svarer på fellesskapet sitt behov. Den geometriske forma, særleg bruk av klare kubiske og rektangulære former, er ein sentral del av brutalismen sin estetikk, noko som ein kan spore tilbake til rennesanseideala sine matematiske prinsipp og symmetri. Gjennom denne balansen av sosiologiske og matematiske element ser ein spor av både sosiale og arkitektoniske ideal.

Omsorg, helse og trivsel for samfunnet sine innbyggjarar var den grunnleggande filosofien som Team 10 la til grunn for korleis arkitektur- og byplanlegging skulle utførast. Sånn sett skulle dette aspektet gjere at brutalistisk arkitektur er spesielt eigna når det kjem til omsorgsføremål. Men det er kanskje avgrensa nytte av intensjonen bak dette viss ikkje

---

<sup>44</sup> Banham 1955

<sup>45</sup> Smithson 1974: 78

<sup>46</sup> Van Zijp 2020

resultatet klart og tydeleg vert kommunisert til folket, slik at det vert oppfatta og kjent gjennom brukaropplevinga.

Korleis skal desse tilsynelatande tunge og grå fasadane me møter frå utsida romma akkurat dette me kallar omsorgsarkitektur? Det er eit paradoks at filosofien til brutalismen var å vere tilgjengeleg og inkluderande. Men resultatet fleire opplever er så annleis. Kanskje er dette fordi den raske endringa innan teknologi gjorde at individ- og samfunnsbehov endra seg fortare enn arkitektane klarte å planlegga for. Vart ein blenda av alt det nye og raske, utan å vite korleis ein skulle finne ein måte å byggja for denne livsstilen? Det er også eit punkt som blir tatt opp tidleg i Team 10 Primer.<sup>47</sup>

#### Brutalisme og samanheng til velferdsstaten

Velferdsstaten i Noreg er eit system som sikrar økonomisk tryggleik, helse og utdanning for alle innbyggjarane. Han er bygd på prinsippet om universelle rettar, noko som betyr at alle innbyggjarar har tilgang til grunnleggjande tenester uavhengig av inntekt eller bakgrunn. Velferdsstaten blir finansiert gjennom eit progressivt skattesystem, noko som inneber at dei som tener meir betalar ein større del av inntekta si i skatt.

Frå midten av 1900-talet og framover gjekk Noreg gjennom ei betydeleg utviding av velferdsordninga.<sup>48</sup> Dette omfatta alt frå gratis helsestall, utdanning, barnetrygd, arbeidsløysetrygd og pensjonar. Den norske oljeøkonomien frå 1970-talet gav staten ressursar til å styrka og utvida velferdstenestene ytterlegare. Det var i hovudsak Arbeiderpartiet som hadde ei ledande rolle i med sine sosialpolitiske reformer. Men i åra etter 1945 var det stort sett ei brei politisk einigkeit om korleis velferdsstaten skulle utviklast.<sup>49</sup>

Stange peikar også på liknande tendensar i England med *Labour*, som er det engelske Arbeiderpartiet. Populariteten for sosialdemokratisk ideologi stod altså sterkt i samtid og prega samfunnet.

---

<sup>47</sup> Smithson 1974: 6

<sup>48</sup> Romøren 2018: 15

<sup>49</sup> Romøren 2018: 15

*Den 2. verdenskrig satte også varige spor hos den engelske intelligentsia. Mange av arkitektene hadde deltatt aktivt i krigshandlingene, «to make the world safe», og de var i stor grad politisk knyttet til «the Welfare State ideology» som kom til uttrykk etter Labours valgseier i 1945.<sup>50</sup>*

Brutalistisk omsorgsarkitektur og velferd har tette relasjoner i Noreg og Europa.

Etter andre verdskrig vart det lagt stor vekt på gjenoppbygging og modernisering. Det var jamt over eit stort statleg engasjement. Mange regjeringar i Europa, inkludert i Noreg, tok eit aktivt ansvar for å skapa ein sterk velferdsstat. Dette førte til investering i offentlege bygningar, inkludert sjukehus, skular og bustadblokker, mange av dei bygd med nybrutalistisk ideologi og brutalistisk stil. Brutalismen som stil blir gjerne kopla opp mot den politikken som blei ført av arbeidarrørska. Den er gjerne sett på, for enkelte, som ein demokratisk form for arkitektur. Den ærlege bruken av rå betong og fråværet av unødvendig utsmykking reflekterte ei kjensle av kollektivitet og universalitet, noko som korresponderde godt med velferdsstatens ideologi. Både velferdsstaten og brutalistisk arkitektur la vekt på funksjonalitet. I arkitekturen vart dette manifestert gjennom praktiske og effektive design, medan i velferdsstaten handla det om å yte tenester effektivt til befolkninga. I tillegg kan ein seie at dei massive brutalistiske bygningane den gong stod som symbol på modernitet, framgang og eit framtidshåp. Samstundes representerte velferdsstaten ei ny æra med sosial rettferd, likskap og tryggleik for alle. I dag er det gjerne ikkje framgang ein tenkjer når ein ser desse bygga. Men likevel fortel dei ei historie om ei tid som har vore viktig for å forma det samfunnet me har i dag. Anten om du liker det du ser, eller ikkje.

Samla sett kan ein sjå brutalistisk omsorgsarkitektur som ein fysisk manifestasjon av velferdsstatens ideal og ambisjonar. Dei betongtunge bygningane, sjølv om ofte kontroversielle i estetikk, representerer ein tid der samfunnet styrka sitt engasjement for å ta vare på alle medborgarane.

---

<sup>50</sup> Stange 2001: 10-11

### Brutalismen i Noreg

Brutalismen, med sine karakteristiske trekk av rå betong, geometriske former og ærleg bruk av material, kom til Noreg i etterkrigstida. Adoptert av fleire norske arkitektar, blei stilten sett som ei moderne tilnærming til arkitektur, eigna for å skapa funksjonelle og estetisk sterke bygg i tråd med internasjonale prosjekt.

Noreg har ein rekke byggverk frå etterkrigstida som reflekterer brutalistisk arkitektur, og innanfor omsorgsarkitektur kan slike byggverk finnast i form av sjukehus, sjukeheimar eller andre helseinstitusjonar. Dei tre bygga eg har tatt utgangspunkt i er alle dømer på det me kan definera som «betong-brutalismen». I tillegg til at dei har omsorgsføremål, direkte eller indirekte. Det kan seiast at dei også er dømer på den retninga av brutalismen som har material og formspråket som kjenneteiknar den brutalistiske stilten og slik er enklare å plukka ut som typiske dømer. Likevel er det interessant å sjå at definisjonen brutalisme ikkje blir nytta når dei vert skildra av antikvariske myndigheter. Dette kjem kanskje av at stilartar og ismar etter 1900-talet kunne overlappa kvarandre.

Her følgjer tre dømer av brutalistisk omsorgsarkitektur i norsk samanheng som me skal sjå litt nærmare på. Eg nyttar meg av Axel Unnerbäck si metodiske vurderingssystem som utgangspunkt når eg systematisk går fram i å identifisera og peika ut det eg meiner er den bevaringsverdige verdien av desse døma. I Unnerbäck sin modell, skildrar han prosessen frå identifisering og fram til ein kulturminneplan.<sup>51</sup> Mi analyse vil berre ta for seg dei tre første ledda: Identifikasjon, omarbeiding og verdivurdering. Analysen av bygga er avgrensa og skal nyttast som ei innleiande presentasjon, då hensikta er å gi dømer på og presentera brutalistisk omsorgsarkitektur med ulik skjebne. Både Stord Sjukehus og Sjukepleiarhøgskulen på Aker har allereie offentlege kulturminnevurdering på seg. Dei brukar eg som støtte for mi analyse.

---

<sup>51</sup> Unnerbäck 2012: 21-25



Figur 5: Foto frå den tida Stord sjukehuset var heilt nytt i 1970 - Henta frå artikkel i BA av Møllerhaug 2021

### Stord Fylkessjukehus

Sjukehuset vart oppført 1967-1970 på Stord og er teikna og prosjektert av arkitektparet Anna og Jostein Molden. Prosjektet blir sett på som det store nasjonale gjennombrotet deira.<sup>52</sup>

Bygget er i dag på lista av freda eigedomar i Helse- og omsorgsdepartementets landsvernplan.<sup>53</sup> Med eige vedlegg skildra av Riksantikvaren er dette bygget ein del av heile komplekset som omfattar fleire bygningar, oppført i ulike periodar frå tidleg 1900-talet og fram til i dag, som høyrer til sjukehusområdet. Anna og Jostein Molden hadde i tillegg ansvar for søsterheimen, elevheim og einebustadar same stad. Stord sjukehus var oppført som ein del av ei større utbygging i 1970 med eit særprega uttrykk ved bruk av material. Noko som representerer eit unikt kapittel i norsk sjukehusarkitektur i denne perioden.<sup>54</sup>

Fredinga som omhandlar Stord sjukehus inkluderer både eksteriør og utvalde interiørellement som kapell, korridorar, kantine og operasjonsavdeling. Målet er å bevare det arkitekturhistorisk og helsehistorisk viktige aspekt av sjukehusbygget, inkludert

<sup>52</sup> Møllerhaug 2021

<sup>53</sup> Forskrift om kulturhistoriske eiendommer, 2011, §2-1

<sup>54</sup> Riksantikvaren u.d.: 2

strukturelle element, fasadeløysingar, originale dører og vindauge, samt materialbruk. Dette sikrar at bygninga sitt opphavlege uttrykk, rominndeling og kvalitet blir oppretthalde.<sup>55</sup>



Figur 6: Kart henta frå Fredningsrapport - Riksantikvaren

På grunn av fredingsvedtak både for komplekset som heilheit og enkeltbygninga, er Stord sjukehus veldokumentert. Det er også utarbeida ein forvaltningsplan for anlegget som grundig går gjennom dei kulturhistoriske verdiane av bygget. Frå materialitet til konstruksjon.<sup>56</sup> Men eg vil likevel her gjera ein kort analyse som knyter seg opp og gir ein ny kontekst saman med teorien og funna i denne oppgåva.


Sjukehuset er lokalisert nord for Stord sentrum, i eit veletablert bustadområde og med visuell tilgang til natur. Bygningen ligg på ei høgd på området med tilkomst frå aust. På nord, sør og vestsida av komplekset er det eit drag med grøntområde; beståande av furutrær som ligg som ein levegg og ei ramme når du kjem inn på området. Det grønefungerer både som ein kontrast mellom materialitet i betongen som dominerer fasaden, samstundes som det gjer eit fint samspel mellom bygg og natur. Dette skuldast korleis dimensjonane på bygget

<sup>55</sup> Riksantikvaren u.d.:13

<sup>56</sup> Statens Kulturhistoriske Eiendommer 2008

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

er komponert med ulike volum, noko som skapar ein dynamikk i staden for å stå fram som ein massiv kloss som ruvar som eit enkeltelement. Fasadane er også delt opp og gjort mindre massive med horisontale band av innrette vindaugefasadar. Noko som også har ein funksjon for interiøret. Med fleire nærliggande bygg frå forskjellige periodar er det, etter mi mening, dette bygget, på bakketoppen, som tronar som «hovudpersonen» i komplekset. Likevel verkar det ikkje ruvande. Mykje grunna akkurat dette samspelet. Det er også dette samspelet mellom bygg og natur, og bygg og brukarar som ser ut til å ha vore viktig for arkitektane og som også blir lagt merke til når ein skildrar arbeida deira i etterkant.<sup>57</sup> Desse møta med natur, bygg og menneske kan ein kjenna igjen både når ein synfer bygget i dag, men også når ein ser tilbake på fotografi som presenterer komplekset i *Byggekunst* i 1986. Ein kan sjå at dei same elementa ennå er aktuelle og tatt vare på som viktige kvalitetar for komposisjon av anlegget si heilskapleg oppleving. Og eit viktig omsyn å ta når ein skal legge til nye bygg.




Figur 7: Stord Fylkessjukehus - *Byggekunst* 1986 n. 8 s. 425


<sup>57</sup> Hansteen 1986: 420

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Dei tre baldakinane over inngangspartia er eit grep som gir bygget ein tydeleg identitet og også mjukar opp dei rette vinklane elles i fasaden.



Figur 8: Stord sjukehus Identitetsskapande baldakinar – *Byggekunst* 1986 n. 8 s. 420



Figur 9: Oppriss av Stord sjukehus – *Byggekunst* 1986 n. 8 s. 420

Kontrastar og tilvising til naturen finn me også i interiøret. Interiøret ber i dag preg av behov for vedlikehald i fleire delar, samtidig som dei delane som er pussa opp kanskje ikkje har hatt like stort omsyn til detaljar og bevaring av opphaveleg material og fargebruk. Eller kanskje heller ikkje har hatt økonomiske ressursar til det. I og med at delar av interiøret også er freda for å bevara autentisiteten bør det tas omsyn til sjølv der fredingsvedtaket ikkje gjeld. Materiale som er brukt er godt dokumentert i forvaltningsplanen. Eg vil trekke ut eit grep som er gjort ved bruk av material. Bruken av furu ser ut til å ha vore nytta svært beivist og spesielt med tanke på omsyn til pasientar. Ein ser det brukt som material både i himling

og på veggar, samt i fast inventar. Dette gjer ein får ein lunare atmosfære i interiøret, samstundes som den skapar dialog mellom naturen ute og inne. Det å ta i bruk furupanel i himling på sengepost vitnar om at ein har tenkt over synsfeltet til pasientar som er sengeliggande. Der ein som oftast i dag ser opp i standard hygienehimling av gips med 60x 60 dimensjonar.

Det var ikkje sjølvsgagt at dei unge arkitektane Anna og Jostein Molden skulle få ansvar for eit så stort og banebrytande prosjekt. Og det var heller ikkje sjølvsgagt at det var akkurat dei som skulle ha vinne arkitekturkonkurransen i 1963. Det skal, ha vore ein medverkande faktor at Anna sin far, som var ein erfaren ingeniør, var med på vinnarlaget.<sup>58</sup> Det kan me vera glad for i dag, når me ser resultatet. Der bygningen i all hovudsak står seg den dag i dag. På trass av behov for jamleg vedlikehald. Men det gjeld vel alt som er menneskeskapt?

I 1975 fekk dei i alle fall eit bevis på den arkitektonisk kvaliteten på bygget då dei fekk den høgast hengande arkitekturprisen i landet for arbeidet deira med akkurat dette bygget. nemleg A. C. Houens diplom.<sup>59</sup>

Både formspråket, materialval og brukarforståinga som dette bygget vitnar om er døme på korleis den brutalistiske stilens og filosofien er eigna til omsorgsarkitektur, i dette høve sjukehusarkitektur. Desse verdiane kjenner me også igjen frå Alison og Peter Smithson. Det er eit tydeleg slektskap til den engelske New brutalism. Der Brukaren skulle vera i sentrum.

Sjølv om dette er tilfelle, er brutalismeomgrepet ikkje nemnd ein einaste gong. Verken i rapport frå Riksantikvaren eller i forvaltningsplanen. Verdivurderinga som ligg til grunn for fredingsvedtaket legg stor vekt på dokumentverdi i form av arkitektur- og helsehistorisk verdi. Eg vil i tillegg, etter mi relativt korte analyse, legga til den personhistoriske og sosialhistoriske verdien i form av å løfta fram Anna Molden som ein framifrå kvinneleg arkitekt. Som her i samspel med sin partnar har bidratt i å skapa eit bygg som i høg grad er eit flott døme på norsk brutalistisk omsorgsarkitektur med premiert kvalitet.

Opplevingsverdien av sjukehuset veg tungt også i korleis det er eit identitetsfremjande bygg og kompleks. I tillegg til høg symbolverdi i form av historieforteljinga i korlei og kven som deltok i å byggja opp landet i etterkrigstida.

---

<sup>58</sup> Møllerhaug 2021

<sup>59</sup> Byggekunst 1986: 418



Figur 10: Gamle Os sjukeheim på Lurane. Arkivfoto: Kjetil Vasby Bruarøy, Henta fra Midtsiden.no

### Os sjukeheim

Då kommunestyret i september 2015 godkjente utviding av Luranetunet med bygging av tropehage, uttalte den tidlegare kommunalsjefen for pleie, omsorg og beredskap, Nils-Petter Borge om framtida til gamle Os sjukeheim: - *Det som er sikkert er at den ikke skal rivast, til det er bygningskroppen i for god stand.*<sup>60</sup>

Os sjukeheim er lokalisert på Hauge i Os, med adresse Vestre Lurane 3 i Bjørnafjorden kommune. Dette bygget er det andre dømet eg ser nærmere på i denne studien. Dette byggverket ser ut til å ha hamna under radaren når det kjem til kulturminnekartlegging av norsk etterkrigsarkitektur. Sjukeheimen vart teikna av arkitektparet Anna og Jostein Molden, same arkitektar som stod bak Stord sjukehus og stod ferdig oppført med første byggetrinn i 1973. Andre byggetrinn i 1986.<sup>61</sup> Det er også bygd på eit tredje byggetrinn i seinare tid, samt ein terrasse, men det er byggetrinn 1 og 2 eg i all hovudsak vurderer i denne analysen.



Figur 11: Oppriss av byggesteg 1 og 2 i samband med forprosjekt for byggesteg 2 – Os kommune: 1986

<sup>60</sup> Bruarøy 2018

<sup>61</sup> Hansteen 1986: 418

I dag er bygningsmassen del av eit større kompleks med nyare bygningar som ligg tett opp til den gamle. Dei nye bygga er også teikna for helseføremål og eldreomsorg. Bygga er plassert i eit, i dag, veletablert bustadområde med utsikt mot Bjørnafjorden mot sør og aust. Når ein ser på historiske flyfoto, kan ein sjå ei liknande plassering av bygget slik me såg i førre døme med Stord Sjukehus. Bygget ligg i eit terreng med vegetasjon rundt på ein skrånande tomt. Pasientromma er plassert ut mot utsikten, medan uteområdet er skjerma med bygget som ein L-form og kollen som gir innslag med natur og grønt til oppholdsarealet utandørs. Andre byggetrinn fortsette i 1986 med utviding mot nord.



Figur 12 Flyfoto viser utviklinga av Os sjukeheim på Lurane t.v. 31.05.1974 t.v.– 10.06.2006 Henta <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/>

Os sjukeheim har dokumentasjon- og opplevingsverdi av fleire grunnar. Bygningane, i sær byggetrinn 1, har ei tydeleg arkitekturhistorisk verdi som framstiller brutalistisk omsorgsarkitektur spesifikt tilpassa sjukeheimens formål. Dette gir ikkje berre innsikt i arkitektonisk utvikling, men reflekterer òg sosialhistoriske kontekstar og viser planleggings- og prioriteringsval innan helsearkitekturen etter andre verdskrig. Samstundes tilfører bygninga opplevingsverdi gjennom estetiske og sosialt engasjerande eigenskapar. Den arkitektoniske verdien stig frå bygningens identitets- og symbolverdi. I denne samanheng er Os sjukeheim ikkje berre ein fysisk struktur, men eit representativt døme på brutalistisk omsorgsarkitektur med mening og historisk relevans.

Relevansen kjem til uttrykk også når ein ser på engasjementet i lokal presse og politikk. Det kan ein mellom anna lesa om på *midsiden.no* der prosjektsjef Halvor Hanevik uttala seg.

*Vi vurderte på eit tidspunkt å riva heile bygget, men kom fram til at bygget, sjølv med sine manglar, har ei arkitektonisk verdi i bygda. Bygget er teikna av same arkitekten som i si tid teikna Os Gymnas, og er å rekna som eit signalbygg. Vi gjekk difor for heller å riva alt innvendig, men sjølve skalet skal bli ståande. Dette er òg den definitive beste løysinga sett frå ein økonomisk ståstad.<sup>62</sup>*

Her er han også inne på det som vil vere ei av dei viktigaste motiva for å verna om sjukeheimen. Nemleg den lokale betydninga og representasjon av arkitektur- og sosial historie her. Os sjukeheim har arkitektonisk verdi som brutalistisk omsorgsarkitektur på grunn av tydeleg refleksjon av brutalistiske kjenneteikn. Bygningens design, inkludert eksponerte betongflater, samhandling mellom terreng og geometriske former, illustrerer klart brutalismen sitt karakteristiske uttrykk og ikkje minst arkitektane sin eigen signatur av kvalitet. Den ærlege framstillinga av materialitet og struktur, særleg gjennom bruk av betong, gir bygningen eit kraftfullt og rått utsjåande. Den historiske konteksten av bygningen, bygd i samsvar med idear om helseomsorg og arkitektur, legg til ein overordna arkitektoniske tyding. Noko av den same vurderinga kan ein lesa om frå *Byggekunst* nr. 8 i 1986 der Hans Jacob Hansteen trekk ein del av dei same slutningane når han skildrar arbeidet til Anna og Jostein fram til 1973-74.

*Det er institusjonsbygg artikulert med adskillig mer human målestokk og respekt for enkeltmenneskers rett til et verdig liv også innenfor institusjonenes veggger, enn det vi vanligvis møter i nyere bygninger.<sup>63</sup>*

---

<sup>62</sup> Grønvigh 2019

<sup>63</sup> Hansteen 1986: 421


Det er likevel ikkje i dette tilfellet så lett å seie noko om den innvendige arkitekturen av bygget med unntak av dei planteikningane ein kan finna. Det er ikkje gjort, så vidt eg har funne fram til, registrering av arkitektoniske kvalitetar, eller ei ombrukskartlegging av material og element for interiøret av bygget. Etter å få innsyn i byggesaksdokument frå Bjørnafjorden kommune er eg også opplyst om at det i 2019 vart søkt om, og revet nært alt inventar i den gamle sjukeheimen. Så kor mykje som er igjen av det originale interiøret er ikkje lett å seia utan å ha tilgang til bygget.

I planprogram utarbeidd av firmaet ABO for ByBo og Os kommune (no Bjørnafjorden kommune) frå 2019 finn ein ikkje spor av at desse bygga har noko som helst verdi når det kjem til kulturminneverdi. Det er vist med kart freda krigsminne, samt automatisk freda kulturminne. Men den ganske så karakteristiske brutalistiske bygningsmasse er ikkje nemnd. Det skal også seiast at dette er ein overordna rapport. I rapporten står det mellom anna:

*Konsekvensar av nye tiltak for automatisk freda kulturminne og andre viktige/verneverdige bygningar i området må konsekvensutgreiast og vurderast nærrare i ein større samanheng.<sup>64</sup>*

---

<sup>64</sup> ABO Plan og arkitektur AS, 2019



Figur 13: Foto, snitt og planløysing første etasje av byggetrinn 1 henta fra Byggekunst 198 nr. 9 s.425

Sidan 2017 har den gamle sjukeheimen stått nærest tom i påvente på kva kommunen vidare kan nytta den til.<sup>65</sup> Geir Heldal (personleg kommunikasjon, 22. november 2023) informerer i e-post at bygget i dag vert nytta som lager til hjelphemiddelsentralen i kommunen.

Etter å ha utført eit breitt arkivsøk både ved hjelp av plan og byggesakskontoret i Bjørnafjorden kommune, samt leita gjennom reguleringsplanar og offentleg tilgjengeleg register og kartverk slik som kulturminnesøk og miljøkart frå miljødirektoratet, har eg ikkje lykkast i å finna ut om denne bygninga har blitt vurdert som eit kulturminne. Trass i at dette er eit framifrå døme på brutalistisk omsorgsarkitektur.


Bygget har så vidt eg eg har klart å komma fram til, inga vernestatus i dag. På trass av dette har det likevel i følgje pressa vore ei brei politisk einigkeit i Bjørnafjorden kommune om at bygget skal ombrukas til omsorgsføremål og at det må gå fort.<sup>66</sup>

Det låtar til at diskusjon og prosess om å finne ein nyttig bruk for sjukeheimen har vart i ei årrekke. Den nyaste konklusjonen eg har funne på kva som skal skje med sjukeheimen frå

<sup>65</sup> Heldal 2023

<sup>66</sup> Vangnes 2022

august i år. Der vert det konkludert med at det er nødvendig å prioritera planarbeid.<sup>67</sup>



Figur 14: Utsnitt frå søknad om innvendig riving 2018

Faren er at bygningane skal stå for lang tid utan omsorg og pleie (i dobbel forstand), at det vil krevja for mykje å rehabilitera dei. Sjølv om bygget ikkje er tomt, men i brukt som lager, er det likevel ikkje nytta til formålet det er tiltenkt, eit bygg for omsorg.

Det positive med at kommunen tek seg tid til ein lengre prosess er at det no blir tid for medverknad, analysar av situasjon og dagens kontekst. Dette er viktig for å få til eit velfungerande helsekompleks. Men det bør i den samanheng også utførast ei grundig kulturhistorisk kartlegging også, for å sikra dette arkitektoniske dømet blir tatt vare på, ved framtidig utbygging og endring. For det er dette som dokumenterer og gir oss ei forståing av vår eigen historie, og slik kan forvalta framtida på ein god måte. Hans Jacob Hansteen sumerar det på ein fin måte:

*Desto lengre tilbake i tid vi kommer, jo viktigere blir nettopp bygget form som dokumentasjon av samfunn, fordi den er blant de viktigste og mest allment tilgjengelige kilder vi har i historien. I nær fortid har vi rikelig med andre kilder.<sup>68</sup>*

<sup>67</sup> Bjørnafjorden kommune 2023:12

<sup>68</sup> Hansteen 1986: 419

Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern




Figur 15: Bilete av Luranetunet bo- og omsorgssenter øvst i biletet og gamle sjukeheimen på venstre sida i biletet.

Henta frå nettsida til B+B arkitekter

### Aker sjukepleiarskule og søsterheim

Sjukepleiarskulen og søsterheimen med adresse Trondheimsveien 245 ligg delområde 7 som er del av ein større arealplan tilhøyrande Aker sjukehus. Aker sjukehus skal moderniserast og som del av den større planen er det avgjort at både sjukepleiarskule og søsterheim skal rivast,<sup>69</sup> trass i at komplekset var oppført på Gul liste hos Byantikvaren i Oslo med status som eit heilskapleg anlegg frå 70-talet.<sup>70</sup>



Figur 16: Kulturmiljøet innanfor planområdet som omfattast av verneinteresser. Kulturminneconsult 2022 s. 20

Sjukepleiarskulen med internatblokk som vart oppført frå 1967 til 1970, er eit tredje døme på omsorgsarkitektur og eit døme der ein ser arkitektur som var bygd *for* kvinner, eller i alle fall for ei kvinnedominert yrkesgruppe. Både under oppføring og i dag er det slik at majoriteten av sjukepleiarar er kvinner.

<sup>69</sup> Kulturminneconsult 2022: 41

<sup>70</sup> Byantikvaren i Oslo 2013: 37

Sjukepleiarskulen ved Aker sjukehus vart, på same måte som både Sjukehuset på Stord og Os sjukeheim, oppført i ei tid med omfattande utbygging for bygging av det moderne Noreg som ein velferdsstat.

Behovet for meir plass og ikkje minst modernisering for å imøtekomme dei nye krava til undervisning og for å kunne utdanne fleire sjukepleiarar hadde vore gjeldande i fleire år. Det vart difor oppretta ein plankomité i 1963 for å forbereda oppføring av ny skule og internat.<sup>71</sup> Plankomité bestod både av kvinner og menn, medan byggekomité berre er oppført beståande av menn, og utførande arkitekt var Gert Walter Thuesen.<sup>72</sup>

Bygningen reflekterer den tids arkitektoniske ideal, med funksjonalistiske trekk. Ein har tårnet, som romma internatet og den lågare bygningen vegg i vegg, der undervisninga føregjekk. Til forskjell frå dei to føregåande døma me har sett på, er det gjort meir ut av fasaden. Her er rillene i den høge internatblokka nytta som eit forsterkande estetisk element. I vurdering frå byantikvaren står det følgjande:

*Ubehandlet betong, rene geometriske former og glass kjennetegner bygningene og de kan dermed også betegnes som en del av den brutalistiske retningen på 1960-tallet.*<sup>73</sup>

I denne utsegna kjem det etter mi meining fram at verdivurderinga av komplekset kanskje har hatt litt i overkant fokus på estetikk rundt form og fasade. Her løftar ein fram både funksjonalistiske og brutalistiske trekk. Samtidig som desse stilartane har sine skilnader, har dei også overlappingar, særleg sidan brutalismen kan sjåast som ei vidareføring eller reaksjon på nokre av dei modernistiske prinsippa som funksjonalismen også var bygd på. Begge stilartane var interesserte i korleis arkitektur kunne tene samfunnet, men dei kom til ulike konklusjonar om korleis dette best skulle oppnåast.

Men den klåre og direkte arkitekturen er også står som eit symbol på framgang, effektivitet og ein demokratisk tilnærming til utdanning. Både sjukepleiarskulen og internatblokka ved Aker sjukehus er viktige symbol på den historiske utviklinga av norsk helseutdanning.


---

<sup>71</sup> Bakkerud 1993: 73

<sup>72</sup> Bakkerud 1993: 74

<sup>73</sup> Byantikvaren i Oslo 2013: 37

Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern



*Figur 17: Nybygget i 1970 - Henta fra boka til Reidunn Bakkerud - Aker sykepleierhøgskoles historie og utvikling 1924-1985: fra sykehusskole til høgskole s. 75*



*Figur 18: Fasade av internatblokka - Foto: Lene Utbjøe 2022*

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Innanfor veggane vart det lagt vekt på moderne undervisningsfasilitetar. Klasserom, laboratorium, og praksisrom var designa for å gje studentane ei mest mogleg realistisk oppleveling av arbeidslivet dei skulle inn i. Reidunn Bakkerud skildrar det slik å flytte inn i eit nytt skulebygg og internat:

-«*Og alle hjerter gleder seg- -», kan bare den si som har opplevd innflytting i et helt nytt skolebygg og internat.*<sup>74</sup>

Ho skildrar eit undervisningsbygg med hypermoderne funksjonar, behageleg interiør og til og med solskjerming som skal avgrensa varmen i bygget.<sup>75</sup> Med tida vart sjukepleiareskulen ved Aker sjukehus integrert i høgare utdanningssystem, og den tradisjonelle modellen med internat blei mindre vanleg. I nyare tid har deler av sjukehusområdet ved Aker gjennomgått endringar, og det har vore diskusjonar om bruk og bevaring av dei historiske bygningane.



Figur 19: Atriet med skulptur av Odd Tandberg "gjettegrute" - Foto: Lene Utbjøe 2022

<sup>74</sup> Bakkerud 1993: 74

<sup>75</sup> Bakkerud 1993: 74-75



Figur 20: Interiør etter utflytting - Foto: Lene Utbjøe 2022

Ein annan tendens for denne tida er at den massive utbygginga og moderniseringa gjekk utover grøntområde. Både nyttevekstområder med frukt og grønsaker vart bygd ned.<sup>76</sup>

---

<sup>76</sup> Byantikvaren i Oslo 2013: 16



Figur 21: Flyfoto av utvikling til venstre 1971 og høgre 2012 Byantikvaren i Oslo 2013 s. 16

I byantikvaren si anbefaling om vidare utvikling av Aker sykehus frå 2013 var det ønskeleg at bygningar på gul liste, samt grøntområde skulle bevarast. Hybelbygg og sjukepleiarhøgskule karakteriserast som anlegg med høg arkitektonisk verdi.<sup>77</sup> No når det er at bygga skal rivast, skal dette gi moglegheiter, til trass for størrelsen av utbygginga, for reetablering av natur og grøntområde.

Etter å ha sett på desse tre døma av omsorgsarkitektur vil eg framheva fram eit poeng som kjem til syne. I hovudfagsoppgåva til Espen Stange omhandlar eit av kapitla *arkitekturen, menneske og politikken*. Der viser han til at arkitektur også kan ha koplingar til politiske visjonar. Han demonstrerer dette med døme av kategoriane universitetsbygg, offentlege administrasjonsbygg, den sosiale bustadbygginga og kyrkjebygg korleis sosialdemokratiets ideologi kom til uttrykk.<sup>78</sup> I desse tre døma ser me det tilsvarande, men med omsorgsarkitektur og med eit ekstra fokus på det som omhandlar den humanistiske og sosialhistoriske tilnærminga.

Brutalismen i Noreg representerer dermed ikkje berre ein arkitektonisk stil, men òg ein funksjonell og sosial tanke. Samtidig har omsorgsarkitektur alltid vore ein nødvendig del av samfunnet, og i norske døme ser me korleis den rå estetikken til brutalismen kan kombinerast harmonisk med behova og funksjonane til omsorgsbygg.

<sup>77</sup> Byantikvaren i Oslo 2013: 45

<sup>78</sup> Stange 2001:113-118

Folk flest og trendar

Arkitektur er noko folk har eit forhold til anten dei tenker over det eller ikkje. Dei bygde omgjevnadane er laga for folk og deira behov. Difor er det også naturleg at fleire har ei mening om dette.

Då modernismen kom til Noreg for fullt mot slutten av 1920-talet<sup>79</sup> var det fleire arkitektar som let seg begeistre og inspirere. Her til lands hadde me likevel ei solid tradisjon som omhandla den norske byggeskikken. Modernismen vart av fleire arkitektar tolka med innslag av norsk tradisjon og byggeskikk. Kanskje ein også kan påstå at arkitektane tok omsyn til folk flest her i landet og gjennom bevaring av å implementera tradisjonar også nærma seg folket sine behov og smak og slik skapa ein folkeleg arkitektur?

*Det er elles symptomatisk at hovudtema for spesialnummer av Byggekunst ved 25-årsjubileet til OAF i 1931 var «Byggeskikk». Stikkorda «folkeleg» og «byggjeskikk» vitnar om at ein ikkje ville ofre den norske byggningsarven til fordel for ein internasjonal modernisme, men heller finne fram til norske tolkingar.<sup>80</sup>*

Kombinasjon av tradisjon og innovasjon var viktig. Og her var det Ove Bang som blir peikt på som nøkkelperson i denne samanhengen innan Norsk historie. I neste kapittel skildrar eg meir om korleis han er knytt saman med brutalisme. Han vert der satt i samanheng med Sonja Killen Christie som hadde med seg dei same verdiane om tradisjon og funksjon i sin arkitekturpraksis, men som er mindre kjent.

Denne påstanden om at modernistiske arkitektar tek omsyn til folk er i så tilfelle stikk i strid med det Arkitekturopprøret seier at arkitektar bryr seg med. Men kanskje også «folkeleg» ikkje heller eigentleg ikkje er det Arkitekturopprøret ynskjer? Då dei ser ut til å fremje ein type arkitektur som går meir mot det klassiske og ornamentale, som ikkje akkurat er noko «folk flest» har råd til?

Arkitekturopprøret, som først starta som ei rørsle i Sverige, har seinare fått støtte frå liknande rørsler i andre europeiske land. Grunnideen bak Arkitekturopprøret er kritikk av

---

<sup>79</sup> Brekke et al. 2017: 343

<sup>80</sup> Brekke et al. 2017: 343

mange av dei moderne arkitekturfomene som har dominert dei siste tiåra, og ein ynskje om å vende tilbake til meir tradisjonelle, historiske og folkelege arkitekturfomar.

Når det gjeld brutalismen, har Arkitekturopprøret ofte kritisert denne stilens for å vera framandgjerande, kald og utilnærmeleg. Dei argumenterer for at brutalistiske bygg ofte neglisjerer lokal byggeskikk, tradisjonar og estetikk til fordel for eit meir globalisert og homogenisert formspråk.

Bratalismen, med sine massive betongkonstruksjonar og rå estetikk, blir ofte sett på som bygg av den typen arkitektur som Arkitekturopprøret kritiserer. Dei hevdar at slike bygg ofte ikkje passer godt inn i den lokale konteksten og ikkje speglar det folk flest forbinder med skjønnheit og harmoni i bygningar.

Likevel er det verdt å merke seg at Arkitekturopprøret sin kritikk er breiare enn berre ein kommentar om brutalismen. Dei utfordrar den generelle retninga i samtidsarkitekturen, spesielt dei retningane som verkar å trosse tradisjonelle byggeskikkar og kulturelle preferansar.

Arkitekturopprøret snakkar mykje om menneskeleg skala, folkelege omsyn og preferansar.

Dette var også viktige tema for Team 10 med Alison og Peter Smithson i spissen.

*Place and occasion constitute each other's realization in human terms: since man is both the subject and object of architecture, it follows that its primary job is to provide the former (place) for the sake of the latter (occasion).<sup>81</sup>*

Mennesket var altså svært viktig saman med deira behov. Arkitekten sitt ansvar var med andre ord å jobba for å leggja til rette i staden for anledninga.

*...provide the right kind of places for each configurative stage and urban environment will again become livable.<sup>82</sup>*

---

<sup>81</sup> Smithson 1974: 102

<sup>82</sup> Smithson 1974: 102

Brutalismen har skapt sterke kjensler blant folk i mange år. For mange arkitektar er denne stilen eit symbol på ærlegdom i materialbruk, sterkt karakteristisk design og eit uttrykk for etterkrigstida sin optimisme og moderniseringsvilje. På sosiale medium, som Instagram, blir brutalismen feira av yngre generasjonar som er fascinert av den unike estetikken. For desse arkitektane og ungdommane representerer brutalismen ei spesiell tid i historia og har kulturell relevans, med mange av bygga som har husa viktige kulturelle eller akademiske institusjonar.

På den andre sida finn ein grupper som Arkitekturopprøret, som ser brutalismen som kald og framandgjerande. Dei argumenterer for at dei massive betongbygga kan verke upersonlege og uvenlege, spesielt når dei ikkje er godt haldt ved like. I tillegg kan slike bygg stå i skarp kontrast til omgjevnadane, særleg i historiske bykjernar, noko som kan skapa estetiske konfliktar. For desse kritikarane kan brutalistiske bygg også bringe fram minne om undertrykkande regime eller uønskt modernisering.

Det som er interessant, er at denne debatten ikkje berre speglar profesjonelle meningar, men også den folkelege oppfatninga og haldningane til brutalismen. Mange i det breie lag av folket har sterke meningar om denne stilen, noko som speglar kor sentral arkitektur er i vår kulturelle forståing og identitet. Det som blir problematisk med at ei gruppe tar eigarskap til ei påstått sanning i kva som er stygt eller fint, nært eller framandgjerande. Både i nasjonal og global kontekst er nok folkets meningar og opplevelingar meir fragmentert enn berre frå to syn. Der kanskje arkitektar og liberal ungdom ser på den som eit uttrykk for ærlegdom, reinheit og modernisme, ser konservative krefter, slik som Arkitekturopprøret, den som kald, upersonleg og uvenleg. Denne dualiteten i den folkelege oppfatninga har halde diskusjonen om brutalismen levande og relevant gjennom tidene.

## Del 3: Kvinna – den ukjente ingrediensen innan arkitekturen

### Innleiing

I dag er det heilt vanleg at både kvinner og menn utdannar seg innan arkitektur. I ein rapport frå *Arkitektbedriftene* frå 2019 viser det at det er ei overvekt av kvinnelege arkitekturstudentar som uteksaminerast i dag. Likevel ser ein at det enno er skeivbalanse i korleis kvinner og menn vel vidare karriere etter at dei har reist seg frå skulebenken og gått ut gjennom døra frå utdanningsinstitusjonen og inn i den verkelege verda.<sup>83</sup> Det verkar som om det er tendens til at kvinner dominerer det offentlege, medan menn trekker meir mot det private. Det er også relativt få av dei store norske arkitektkontora som er leia av kvinner.

I dette kapittelet skal eg ikkje gå inn på heile historia rundt kvinners oppstandelse innan arkitektur, men heller zooma inn på temaet med hovudfokus på omsorgsarkitektur og brutalisme. Og sjå på kva slag rolle kvinnelege arkitektar har spelt i utviklinga av norsk omsorgsarkitektur i etterkrigstida. For å kunna sjå på rolla kvinnelege arkitektar har betydd innan temaet omsorgsarkitektur og brutalismen må me sjå på ein større del av historia enn berre tida denne arkitekturen vart oppført. Ein kan slik fanga opp eit mønster som gir indikasjonar på kvifor utviklinga av kvinners rolle innan arkitekturen har utvikla seg slik den har.

### Historia

Den fyrste kvinnelege arkitekten me kjenner til i den vestlege historia var italienske Plautila Braggi. Ho levde i Roma frå 1616 til 1690. Då Plautila vart arkitekt, hadde allereie tittelen «arkitekt» eksistert i over 150 år, sidan Leone Battista Alberti i *De re aedificatoria* (ca. 1450) distanserte seg frå middelalderens namnlause byggmeistrar. Ved å kople saman kunst og arkitektur samt gi arkitekten si rolle som gudsbenåda og mektig. Han var med dette den som gav den mannlige arkitekten samfunnsstatus.<sup>84</sup> Men ikkje kvinna. Ho måtte altså venta ei god stund til.

---

<sup>83</sup> Arkitektbedriftene 2019

<sup>84</sup> Findal 2004: 23

Kvinner med yrkestittel arkitekt har sidan omtrent 1900-talet vore med på å sette sitt preg på Norsk arkitektur i større og mindre grad. Når eg brukar omgrepet arkitekt her tek eg utgangspunkt i dei første som hadde ein form for utdanning innan profesjonen. Mathilde Sprovin peikar på kvinnelege «arkitektar» i hermeteikn, som var mykje tidlegare, heilt tilbake til 1700-talet, men då omtalt som «byggfrue-arkitekt» eller oppdragsgjevararkitekt».<sup>85</sup> Men det er nærmast rimeleg å anta at desse var meir å rekna som oppdragsgjevar, med innflytelse, enn ein profesjonell arkitekt, slik me ser på det i dag.

Den profesjonelle situasjonen har, som samfunnet elles, vore i endring. I Noreg har kvinnelege arkitektar operert med eige namn og autorisasjonar. I andre europeiske land som Frankrike og Tyskland har dei måttå alliera seg med mannlige kollegaer eller berre nyttå forbokstaven i namnet sitt, for å ikkje avsløra at dei var kvinner. Dette har vore tilfelle så seint som til 1999.<sup>86</sup>

Dei første kvinnelege arkitektane som vart utdanna ved Tegneskolen i Christiania og som fortsette ut i yrkeslivet arbeidde anten med forvaltning eller oppretta private arkitekturkontor, og dei fleste høyrt til øvre middelklasse. Med unntak frå Lilla Hansen, som var av borgarklassen og Hjørdis Grøntoft, som høyrt til nedre middelklasse.<sup>87</sup> Eg vel her å ta tak i Lilla Hansen (1872-1962).

Lilla Hansen vert rekna som den første kvinnelege arkitekten i Noreg. Hennar arkitektur viste seg særskilt rundt bustadar, men ho var også ansvarleg for fleire bygg innan pleie- og omsorgssektoren.<sup>88</sup> Mellom anna var ho arkitekten bak Oslo Sanitetsforeining sitt revmatismesjukehus i Akersbakken 27 frå 1938. Sjukehuset var i drift som revmatismesjukehus fram til 1999 og hadde fram til det gått gjennom fleire rundar med ombygging og påbygging for å kunna møta samtidas behov. I 2014 overtok Thongård AS eigedomen med planar om bruksendring og ombygging for å laga seniorbustader. Grunna store utfordringar med tilstand på bygget vart sjukehuset revet i 2017 og eit heilt nytt bygg vart reist.

---

<sup>85</sup> Sprovin 2022: 127-128

<sup>86</sup> Findal 2004:11

<sup>87</sup> Sprovin 2022: 146-147

<sup>88</sup> Moe og Roede 2023

*– Vi hadde planlagt å gjøre om bygningsmassen til seniorboliger, og var i gang med rehabiliteringen da vi oppdaget flere utfordringer. Bygget var i dårlige tilstand enn vi antok. Det var store avvik fra tegningene til det reelle bygget. Vi fikk til og med videre rivningsforbud i en periode, grunnet de svekkede bærekonstruksjonene. Den eksisterende teglen var ikke frostsikker, vi kunne derfor ikke isolere nok innenfra, forteller prosjektsjef i Thongård, David Höglund.<sup>89</sup>*

Det første revmatismesjukehuset i Norden, vart altså teikna av ei kvinne. Og er eit døme på korleis kvinnelege arkitektar har sett sit preg på omsorgsarkitekturen allereie frå starten av 1900-talet.

Etter 2. verdskrig vert det registrert auking i talet på kvinnelege arkitektar. Dette hadde nok samanheng med at etterspørselet etter arkitektkompetanse også var aukande då ein skulle bygga opp landet etter krigen hadde herja. Det vart også etter kvart meir og meir vanleg med utdanning for jenter.<sup>90</sup>

På lik linje med mange andre land etter 2. verdskrig, stod også Noreg overfor store utfordringar knytt til øydeleggingane krigen hadde medfaren. Tida var no moden for gjenoppbygging og modernisering. Denne perioden førte med seg endra sosiale og økonomiske forhold også innan kjønnsbalansen. Etter krigen var behovet for gjenoppbygging stor og særskild rundt byane. Infrastruktur og heile samfunn skulle reisast frå ruinane. Dette kravde ei stor mengde kvalifisert arbeidskraft. I ei tid der ein har behov for stor arbeidskraft er det ikkje rom for å ekskludera nokon basert på kjønn, likevel er det i perioden frå 1945 og frem til 1960-talet ein kallar den store «husmor-epoken» i Norsk historie.<sup>91</sup>

Kvinner var altså i hovudsak husmødrer, med unntak av nokon få. På trass av at krigsåra hadde endra mange tradisjonelle kjønnsroller var ein no på veg til «gammaldags mønster». Kvinner hadde under krigen i større grad måtte tatt på seg roller og jobbar som tradisjonelt var «tilhøyrande» menn, spesielt i og med at mange menn var borte grunna krigen. Under

---

<sup>89</sup> Joelson 2019

<sup>90</sup> Findal 2004: 31

<sup>91</sup> Lønnå, E. 2020

krigen var det ei forståing og erkjenning av kvinners evne til å utføre "mannsdominerte" jobbar, og det var ei aukande vilje eller aksept til å inkludere dei i arbeidslivet.

Etter krigen skulle menn har tilbake jobbane, og kvinner si rolle då vart stort sett å ta vare på hus og heim. Det er eit interessant tankeeksperiment å fundera på korleis dei bygde omgjevnadane våre hadde sett ut dersom ikkje dei fleste kvinnene hadde blitt sett tilbake på kjøkenet. Kvinnelege arkitektar kunne også by på nye perspektiv og tilnærmingar til arkitekturen i samband med gjenoppbygging, noko som kanskje hadde vore særleg nyttig i denne perioden med stor endring og fornying, samtidig som ein skulle skape trygge samfunn og heimar. Dei kunne vektlegge aspekt ved design som kanskje vart sett på som mindre viktig av deira mannlege kollegaer. Til dømes omsyn til familiar, barn og det daglege livet i heimen.

Dersom inkludering av kvinner i arkitekturfeltet etter krigen hadde vore slik, kunne det kanskje ha bidratt til ei rikare og meir mangfaldig og inkluderande tilnærming til gjenoppbygging av landet?

*I 1940-årene hadde stort sett alle kvinnelige arkitekter teknisk kompetanse på linje med menn. De hadde deltatt aktivt i krisesituasjoner og hadde opplevd at det var behov for arkitekter; uansett kjønn eller sonedelte erfaringer. Dette skapte en annerledes generasjon kvinnelige arkitekter med en ny selvbevissthet. De var trygge nok til å etablere seg i eget fagfelt.<sup>92</sup>*

Desse kvinnene som hadde vist seg verdig både ei likeverdig utdanning og praksis i krigsåra er dei Wenche Findal kallar «pionerane».<sup>93</sup> Det var dei som bana veg for andre kvinner, gjerne skjult bak namn på mannlege kollegaer og mestalar. Det var først etter denne perioden at kvinner begynte å reise seg i yrket. Ikkje berre som yrkesutøvarar, men også meiningsytrarar og debattantar.

---

<sup>92</sup> Findal 2004:48

<sup>93</sup> Findal 2004: 86

Når me nærmar oss etterkrigstida, som er den perioden denne oppgåva har som hovudfokus, vil eg trekka fram Sonja Killen Christie som ein svært viktig bidragsytar. Ho var arkitekt og hadde Bergen si fyrste kvinnestyrte praksis. På trass av å vere 4-barnsmor hadde ho ein travel praksis der ho hadde både offentlege og private oppdrag. Hennar spesialområde var mellom anna omsorgsarkitektur slik som barneheimar og pleieinstitusjonar. Eit av hennar hovudverk var Vestlandske blindeforbunds senter, Solvik kurs- og velferdssenter (Solvik syn- og meistringssenter).<sup>94</sup>

*Killen Christies arkitektoniske sær preg for øvrig føyer seg inn i en veltilpasset norsk trehustradisjon, der arven fra Ove Bang og «den funksjonelle syntese» av tradisjon og modernitet føres videre til det som Melandsø beskrev som «hus til å bo i». – der det indre er viktigere enn fasader og funksjon er viktigere enn en slående form»<sup>95</sup>*

Dette sitatet viser til den delen som innan arkitekturens strategiar ikkje omhandlar det visuelle, men det menneskelege behov fremst, eit humanistisk tankesett. Den bakanforliggende filosofien og tanken bak korleis arkitekturen skal løysast er med utgangspunkt i brukaren. Dei som skal vere i bygget og ha ei direkte relasjon til det. Det er med andre ord ikkje det monumentale uttrykket, som kan observerast frå utsida, som står i første rekke. Killen Christie sitt arkitektoniske uttrykk blir i boka til Findal skildra med at norsk tradisjonell trehusteknikk og modernitet smeltar saman for å skapa funksjonelle bygg. Det blir skildra som at gjennom ho blir «arva» etter Ove Bang vidareført.

Ove Bang er mest kjent som arkitekt innan funksjonalismen, Den funksjonalistiske tilnærminga kan skildrast med at form følgjer funksjon. Dette prinsippet vart også eit kjenneteikn for brutalistiske bygningar. Bang si fokus på enkle og direkte løysingar, samt ærleg materialbruk, kan ha lagt grunnlaget for eller inspirert brutalistiske tendensar i Noreg seinare på 1900-talet.

---

<sup>94</sup> Findal 2004: 101-102

<sup>95</sup> Findal 2004:102

Han var ein av dei retningsgivande arkitektane i Noreg då Le Corbusier sine 5 prinsipp vart oversett av Johan Ellefsen til Norsk kontekst og modernismen for fullt kom til Noreg.<sup>96</sup> Bang var altså ein av dei første modernistane i Noreg, men hadde altså som nemnd i førre kapittel ei nøkkelrolle der han ikkje berre implementerte ein internasjonal stil, men heller omsette den til norsk tradisjon, samfunn og klima. Funksjonalismen er også forgjengaren til brutalismen og også ofte ein «forvekslingsart» innan arkitektur. Bang var ein viktig norsk arkitekt som praktiserte før den eigentlege blomstringstida for brutalismen i Noreg og verda. Likevel er det aspekt ved hans tilnærming til arkitektur som kan sjåast som forløparar til seinare arkitektoniske strøymingar, inkludert brutalismen. Bang hadde ein tidleg bortgang og fleire av hans bygg blei i ettertid gjennomført av assistenten hans, Erling Viksjø. Viksjø kjenner me i dag som ein av landets mest kjente arkitektar innan Norsk etterkrigsarkitektur. Han assosierast med brutalismen. Mellom anna for Rådhuset i Bergen og H-blokka i regjeringskvartalet. Killen Christie, med sine tydelege likskapstrekk til Bang, var difor slik eg kan sjå det ei av dei første kvinnene i Noreg som begynte å nærma seg brutalismen og filosofien bak denne. Men i motsetning til Viksjø som kanskje gjekk meir mot det monumentale uttrykket, med bygg som H-blokka i Regjeringskvartalet og Rådhuset i Bergen, let heller Killen Christie seg inspirera av det nære. Om det var i skala med omsorg for omliggande natur og bygg, omsorg for brukarane, eller omsorg i bruk av material.

Ei anna norsk kvinne som er verdt å nemne som forgangar for brutalistisk omsorgsarkitektur er trønderen Maja Melandsø. Ho praktiserte som arkitekt i 50 år og var funksjonalist på sin hals. Ho sette brukarens premiss i forsetet, og praktiske planløysingar gjekk framfor prangande fasadar.<sup>97</sup> Omsorgsbygg ho var arkitekt for var mellom anna Hitra helsehus og Jøssund aldersheim, 2. byggetrinn som begge vart ferdig i 1959- 60. Desse er i tidsperspektiv heilt overlappande med brutalismen.<sup>98</sup> Det er kanskje fasadane som kan skilja dei to retningane mest med kvarandre. Der funksjonalismen var meir rein og nøktern frå utsida, tillèt brutalismen eit litt meir leik med volum, material og former. Funksjonsfokus frå innvendig ser ut til å likna på kvarandre, med unntak av at den aukande utviklinga innan teknologi var ein større del av brutalismen, som er ein noko yngre retning. Tidsmessig er det

---

<sup>96</sup> Brekke et al. 2017:342

<sup>97</sup> Findal, 2004: 100-101

<sup>98</sup> Seip 2023

kanskje ikkje så rart at funksjonalisme og brutalisme ofte vert forveksla og feiltolka. Ikkje med kvarandre nødvendigvis, men som reine arkitektoniske retningar. Det var trass alt ei tid med mykje utvikling av nye material, ny teknologi og ikkje minst i samfunnet. Dette gav moglegheit for å eksperimentera. Noko som også blir uttalt i *Team 10 Primer*.<sup>99</sup> Desse tre arkitektane: Meland, Killen Christie og Bang var alle tre arkitektar av si tid der det var funksjonalismen som var den store inspirasjonen. Killen Christie og Bang var kjend for bruk av tre og norsk handverkstradisjon som del av den norske funksjonalismen, medan alle tre såg på sjølve funksjonen av bygget som den viktige føresetnad for eit vellykka arkitektonisk prosjekt.

Medan dei ikkje direkte kan knytast til brutalismen, så la dei vekt på ærlegdom i design og materialbruk, noko som brutalistiske arkitektar seinare også vektla. Deira arbeid kan kanskje ikkje knytast direkte til brutalismen i Noreg, men eg meiner at dei viser korleis det er ei bru i overgangen frå tradisjonelle byggemetodar til moderne arkitektoniske tilnærmingar.

Tilnærmingar som seinare også inkluderte brutalismen. Det som likevel er eit tankekors, er kor ytst sjeldan me hører om dei to damene som heilt tydeleg hadde lange karrierar med ikkje ubetydelege verk bak seg. Sonja Killen Christie er i tillegg ikkje søkbar verken ved eit enkelt google-søk, eller eit i søker i Store Norske Leksikon (snl.no). Kjelda eg støttar meg på er difor berre boka *Mindretalets mangfold* av Wenche Findal.<sup>100</sup> Som leiar meg vidare til neste del.

### Kvinner i brutalismens Noreg

Dømer frå brutalismen i Noreg med kvinnelege arkitektar som hovudpersonar ser ut til å vera svært avgrensa. Når temaet i tillegg er avgrensa til omsorgsarkitektur blir det enda snevrare. Det kan kanskje forklarast ved at det vanlegvis var menn som vart tildelt dei store samfunnsoppdraga, slik som nasjonale og regionale prosjekt som sjukehus, skular og rådhus. Kvinner hadde kanskje på si side fleire mindre prosjekt for private familiær, slik som til dømes Wenche Selmer som har vore mykje profilert i det siste, spesielt etter mykje omtale rundt sal av hennar eige hus.<sup>101</sup> Ho var mest kjend for hus og hytter. Det er nokon dømer

---

<sup>99</sup> Smithson 1974: 6

<sup>100</sup> Findal 2004

<sup>101</sup> Thon & Nilsen, 2023

der ein har namngjevne kvinner både innan mindre og større samfunnsoppdrag. Og her vil eg nemne nokon få av dei.

Anna Molden som me har lest om tidlegare, og ein av arkitektane bak Stord Sjukehus og Os sjukeheim er ei av desse. Sjølv om heller ikkje ho har veldig mykje skrive om seg, er det likevel henne eg har funne som den kvinnen som verkeleg har dokumentert innverknad på brutalistisk omsorgsarkitektur i Noreg, og då spesielt på Vestlandet. Så mykje at Nicholas H. Møllerhaug skriv i BA at ved hennar bortgong burde ein ha flagga på halv stong her i vest.<sup>102</sup>

Anna Molden og ektemannen Jostein Molden var uteksaminert samtidig frå NTH i 1957.<sup>103</sup> Etter avslutta praksisperiode etablerte dei eigen arkitekturpraksis tidleg på 60-talet der dei i starten mest av alt teikna konkurranseutkast.<sup>104</sup> Eit av deira kjenneteikn er korleis dei har fått til å integrera den betongtunge arkitekturen deira til å verka harmoniske saman med landskapet.

*Medvirkende til det er en sterk vilje og evne til grundig funksjonsanalyse og situasjonsforståelse som fanger opp en rekke stedlige forutsetninger i klima, landskap, produksjonsmulighet og menneskelige materielle og immaterielle behov.*<sup>105</sup>

I samtale med dottera Maria Molden, no byarkitekt i Bergen, forklarar ho til intervjuar at Anna var spesielt oppteken av den konseptuelle ideen gjennom raske intuitive råskisser som bidrog til å gi dei massive betonganlegga eit poetisk uttrykk. Samtidig var faren oppteken av sjølve raffineringa. På denne måten utfylte dei kvarandre.<sup>106</sup>

Det er ut frå dette ingen grunn til å tru at hennar rolle har vore ei statistrolle, men meir eit likeverdig partnarskap.

---

<sup>102</sup> Møllerhaug 2021

<sup>103</sup> Hansteen 1986: 418

<sup>104</sup> Møllerhaug 2021

<sup>105</sup> Hansteen 1986: 421

<sup>106</sup> Møllerhaug 2021

Anna og Jostein Molden hadde ansvar for ei rekke helse og omsorgsprosjekt. Dei som fell under kategorien brutalistisk omsorgsarkitektur slik eg har definert her er Stord sjukehus, Os sjukeheim og Askøy helsehus.<sup>107</sup>



Figur 22: Askøy helsetun Henta frå Byggekunst 1986 nr. 8 s.426

Molle Cappelen var òg ei kvinne med innflytelse på brutalismen i Noreg og oppbygging av landet. Saman med mannen Per Cappelen teikna ho Kristiansund rådhus som stod ferdig i 1953. Bygget ser ut som to ulike bygningar. Eit som kan minna om et tradisjonelt bygg med saltak, medan det andre har eit meir modernistisk formspråk. Dette viser korleis ein begynte å tenkje eksperimentelt i bruk av betong.<sup>108</sup>

Ei anna kvinne som har gjort eit stort samfunnsoppdrag, men i liten skala er Connie Henden, som teikna eit av dei kanskje mest velkjende busskura me kjenner. No er kanskje ikkje busskur det ein fyrst og fremst tenker på når det kjem til omsorg. Men det er likevel arkitektur som inneheld omsorgsfunksjon i form av det å gi ly til dei som brukar det.<sup>109</sup>

<sup>107</sup> Hansteen 1986: 418

<sup>108</sup> Wergeland 2019: 107

<sup>109</sup> Kleppa u.å.



Figur 23: Connie Henden sitt Busskur - Fylkesarkivet Kulturhistorisk leksikon, [leksikon.fylkesarkivet.no](http://leksikon.fylkesarkivet.no)

Mari Kollandsrud som me i innleiinga snakka så vidt om har også vore delaktig i større oppdrag på denne tida, mellom anna saneringsplanen for Grünerløkka med tilhøyrande forslag til ny utbygging. Her var ho einaste kvinne som deltok av dei fire arkitektkontora som vart invitert til konkurransen.<sup>110</sup> Ho konkurrerte då saman med ektemannen Gullik. Deira forslag var eit av dei mest «forsiktige» forslaga på trass av at dei skulle sanere og byggja 15-etasjarsbygg. I planane deira hadde dei mellom anna føreslått barnehage på hustaka og konseptet var skildra som «småby» i storbyen. <sup>111</sup>

Kva roller dei hadde

I *Mindretallets Mangfold* les me om 4 generasjonar med arkitektkvinner. Dei er delt opp i: Pionerane (1900-1945), Etablerarane (1945-1980) og Erobrarane (1980-2000). Dei som dreiv

---

<sup>110</sup> Iglesbæk, u.å.

<sup>111</sup> Jensen, 2016

med etterkrigsarkitektur og brutalisme høyrer i denne samanhengen altså innunder *Etablerarane*. Det var i denne tida kvinner for alvor starta å ta posisjon innan arkitektur.

*Etter 2. verdskrig hadde samtlige kvinnelige arkitekter full arkitektutdannelse med teknisk kompetanse, og de deltok på likt profesjonelt nivå med mannlige kolleger i arbeidsfellesskapet. Kvinner gikk inn i arkitekturdebatten og var meningsytrere på egne og arkitekturens premisser, og de tydeliggjorde ut fra et kvinnesperspektiv hva de oppfattet som faglig viktig. Samtidig som de første kvinner fikk plass i parlament og regjering, ryddet arkitektkinnene seg plass i fagforbund og lokalforeninger, og i denne fasen inntok kvinnelige medlemmer av de lokale arkitektforeningene ledende posisjoner på linje med mannlige kolleger.<sup>112</sup>*

Det å leie eigen praksis er tøft om du er kvinne eller mann. Men for kvinner har det i tillegg til stort profesjonelt ansvar og lange arbeidsdagar vore tradisjonelt også ofte deira ansvar å ta vare på born og familie. Til og med i dag ser me at fleire kvinner vel ei tryggare karriereretning enten i det offentlege eller i det private som tilsett med ordna arbeidstider og sikker inntekt.<sup>113</sup> Det finns mange kvinnelege byplansjefar i Noreg – viktig verv, men samstundes er det trygt og stødig.

*Kvinner hadde nå fått fotfeste i arkitekturprofesjonen, og for mange begynte interessefeltet å bevege seg bort fra det ensidige fokus på boligen, både i teori og praksis.<sup>114</sup>*

Kvinner me har hørt om til no i teksten har mellom anna vore kjent for si tilnærming til materialar og form. Dei har bidrige til å setje sitt preg på korleis brutalistiske prinsipp blei tolka og tilpassa norske forhold. Medan brutalismen ofte vert sett på som "maskulin" eller

---

<sup>112</sup> Findal 2004:110

<sup>113</sup> Findal 2004:11

<sup>114</sup> Findal 2004:112

"hard", klarte norske kvinnelege arkitektar å bringe ei mjukare og meir human tilnærming inn saman med modernismen, funksjonalismen og brutalismen.

Den arkitektoniske interessa gjekk i to retningar. Idealisme eller materialisme. Dette vart oversett av kvinnene sjølv til «omsorgsrasjonalitet» eller «teknisk rasjonalitet». Der ein forklarer at: *Omsorgsrasjonalitet er en føresetnad for at et gjensidig fellesskap kan utvikle seg.*<sup>115</sup>

Ved å integrera naturlege element og lokal byggetradisjon, skapte desse arkitektane omsorgsbygg som ikkje berre var funksjonelle, men også harmonerte med det norske landskapet og klimaet. Deira fokus på lys, utsikt og integrering med naturen var særleg viktig i eit land med lange, mørke vintrar.

Kvinnelege arkitektar si tilnærming til brutalismen kan ha vore påverka av endringar i kvinnerolla i etterkrigstida. Med kvinner som gradvis fekk større deltaking i arbeidslivet og i det offentlege rom, kan det ha gjeve eit anna perspektiv på korleis bygg skulle fungera for samfunnet. Interessant nok jobba fleire av desse kvinnelige arkitektane for offentlege institusjonar, noko som kan ha ført til at deira arbeid ikkje alltid blei omtala med namn i same grad som deira mannlige kollegaer. Av desse kvinnene er det verdt å nemne Noregs første kvinnelige byplansjef, Helene Støren Kobbe og hennar kollega Ruth Norseng som begge var aktive i debatt om utviklingsplanar av Oslo på 1950-talet.<sup>116</sup> Deira innflytelse er likevel udiskutabel, og deira bidrag til norsk arkitekturhistorie er vesentleg.

*I den nybrutalistiske tendensen finnes en lavmælt poesi, hvor ærlighet overfor materialbruk og redelig funksjonell form var essensielle ideer. Nybrutalistenes idémessige utgangspunkt var art brut, kunst av psykiatriske pasienter, kunst med et ubevisst, direkte uttrykk som ikke var silt gjennom et intellektuelt filter. Denne essensielle ærligheten synes det som om kvinner hadde en dypere forståelse for, og mange fulgte den miesianske, nybrutalistiske og elementariske linjen. Betraktes kvinners bygningsmasse (produsert etter 1945) under ett, synes kvinners estetiske*

---

<sup>115</sup> Findal 2004:112-113

<sup>116</sup> Wergeland 2013: 225-226

*valg å etterstrebe denne «direkte» versjon av skapt form. Svært få kvinnelige arkitekter velger den skulpturalt ekspressive eller svulstige artikulasjon.*<sup>117</sup>

Når det kjem til kvinnelege arkitektar som har bidratt til denne blandinga av omsorgsarkitektur og brutalismen, kan lista verke kort ved første augnekast men dei har i aller høgaste grad vore delaktige. Både i det offentlege planarbeidet, med eigne kontor og som partnarar.

Det heile starta også med kvenna, Alison Smithson, som me tidlegare har høyrt om i første kapittel. Ho er vel på mange måtar ikkje berre den kvenna, men ho er den arkitekten som hadde mest å seie for etableringa av nybrutalismen. Gjennom hennar aktive rolle i Team 10 gjorde ho til at ei kvenne fekk deltatt på verdsarkitekturen sin arena.<sup>118</sup> Og slik var med på å gi ei motvekt til den mannsdominerte bransjen. Dei hadde høgt fokus på omsorg til mennesket då dei planla bygg.

*Saman med sine unge kollegaer gikk Alison Smithson inn for arkitektur og planlegging med mennesket – og ikke formalestetikken – i sentrum. Saman med sin mann utarbeidet hun en arkitektur som tok utgangspunkt i redelighet, sannhet og ressursvennlighet. Deres arkitektur ble klassifisert som The New Brutalism og ble manifestert gjennom hovedverket Hunstanton Secondary School 1949-1952.*<sup>119</sup>

Stange viser også til denne skulen og til at Smithsons demonstrerer ein arkitektur som ikkje overdriv dimensjonering av bygningsdelar i same grad som enkelte Brutalist style-arkitektar gjorde seinare. Bygningen, med den bakanforliggende nybrutalistiske tankegangen, skapte grunnlag for inspirasjon men også mykje forvirring hos arkitektar og kritikarar.<sup>120</sup>

---

<sup>117</sup> Findal 2004:111,112

<sup>118</sup> Findal 2004: 50

<sup>119</sup> Findal 2004:50

<sup>120</sup> Stange 2001: 19

Er (brutalistisk)arkitektur for kvinner?

Borghild Synnæs hadde sin karriære før brutalismen herja. Men ho er likevel ein arkitekt som har hatt viktig innverknad på omsorgsarkitekturen. Spesielt etter ho etablerte sin eigen arkitektpraksis.<sup>121</sup>

Hennar spesialområde var helseinstitusjonar av ulik karakter. Det som er særleg interessant er Synnæs sitt fokus på spesifikke sosiale behov i hennar seinare karriere. Ho designa fleire gamleheimar, som er ein refleksjon over samfunnets voksende interesse for omsorg for eldre på den tida. Vidare tok ho eit viktig skritt mot kjønnsinkluderande arkitektur ved å designe bygg spesielt for kvinner, som *Hybelhus for kvinner* i Westye Egebergs gate 7 B. Dette viser ein tidleg forståing av behovet for kjønns-spesifikke rom i bymiljøet.<sup>122</sup>

*Der hvor Bang skisserer de store, rasjonelle sveipene med en retorisk undertone, er Synnæs forsiktig, detaljert og brukerorientert. Denne beskjedne innfallsvinkel karakteriserer kvinnelige arkitekters stilling i fagmiljøet ved begynnelsen av 1930-årene, men det gir også et klart uttrykk for hennes omtanke for menneskenes rett til å ta boligen i bruk på hverdagslige premisser.*<sup>123</sup>

I det sitatet viser Findal korleis ulikhetene mellom kvinner og menn i arkitektyrket kunne komma til uttrykk.

Arkitektur, i si vidaste forstand, er for alle, uavhengig av kjønn, alder, etnisitet eller sosial status. Men spørsmålet om arkitektur "for kvinner" reiser viktige problemstillingar om korleis bygde omgjevnader kan møte, eller mislykkast i å møte, spesifikke behov knytt til halvparten av befolkninga.

Historisk sett har arkitekturpraksisen vore dominert av menn, og dette har i mange høve ført til at kvinners spesifikke behov og erfaringar ikkje alltid har blitt tatt tilstrekkeleg omsyn til. Til dømes kan design av offentlege rom, transportmidlar eller bustader ikkje alltid ha

---

<sup>121</sup> Sprovin 2022: 166

<sup>122</sup> Findal 2004: 92

<sup>123</sup> Findal 2004: 105

vore optimale for kvinner, særleg med tanke på tryggleik, tilgjenge eller funksjonalitet knytt til omsorgsoppgåver.

Likevel, med eit aukande fokus på kjønnsperspektiv i design og byplanlegging, blir det stadig vanlegare å inkludere og vurdere kvinners behov og perspektiv. Dette kan handle om alt frå belysning i offentlege rom for å fremje tryggleik, til å designe urbane rom som er tilgjengelege for barnevogner eller eldre kvinner.

I dei siste tiåra har det vore eit aukande tal kvinnelege arkitektar som bidreg med sine perspektiv og erfaringar til faget. Deira tilnærmingar og verdiar kan, men treng ikkje nødvendigvis, skilje seg frå deira mannlege kollegaer.

Det er jo også viktig å understreke at det ikkje finst ein einsarta "kvinneoppleveling". Kvinner er ei mangfaldig gruppe med ulike behov og erfaringar, og god arkitektur bør reflektera dette mangfaldet og slik skapa rom som fungerer for alle.

Sidan Le Corbusier har vore nemnd i fleire samanhengar som ein av dei som var forgjengar for brutalismen vil eg også sei nokon ord om «*Le Modulor*» og korleis «han» har påverka samtidsarkitekturen i ei anti-feminin retning.

Mens "Le Modulor" sin intensjon var å skapa universelle proporsjonar basert på den menneskelege form, har kritikarar peika ut at systemet i hovudsak var basert på den vaksne, vestlege manns kropp. Dette kan ha bidratt til å skapa arkitektoniske rom og løysingar som ikkje nødvendigvis tar omsyn til eit breiare spekter av kroppsformer, størrelsar og behov.

Ved å setje ein "standard" menneskeleg form, kan "Le Modulor" ha bidratt til ei einsidig forståing av korleis rom bør bli designa. I tillegg, ved å setja eitt proporsjonssystem som eit ideal, kan det ha blitt lagt mindre vekt på individuelle, kulturelle, og kjønns-spesifikke behov i design og byplanlegging.

Samla sett, mens "Le Modulor" representerer eit forsøk på å finna ein universell harmoni i design, har det også potensialet til å avgrensa mangfald og inkludering i den bygde verda ved å fokusere sterkt på ein spesifikk menneskeleg standard.

### Framtidige roller

Kvinner som var utdanna arkitektar i åra 1945-1980 var i all hovudsak utdanna av mannlege modernistar. Samtidig var dette i ei tid der bevisstgjeringa av kvinnerolla var i fokus.

*De tok opp i seg mangetydheten i modernismen og gjorde sine valg innenfor denne erkjennelse. Ideologisk var denne generasjonen preget av bevisstgjøring, frigjøring og ønsket om likestilling.*<sup>124</sup>

I dette kapittelet har eg fortalt historia om korleis kvinnelege arkitektar har påverka historia og korleis dei har satt sitt preg både direkte og indirekte på den brutalistiske omsorgsarkitekturen. Eg påstår på langt nær at dette er ein fasit i sanninga om korleis kvinner har spelt si rolle innan desse emna, men det er mi tolking og mitt bidrag til å fylla inn det som stadig er ei mangelfull del av historia.

For at kvinner skal ha ei likeverdig rolle i samfunnet som menn er det viktig at me ikkje «gløymer» å fortelje historia om bidrag frå begge kjønn. Og det må gjerne gjentakast fleire gonger og i fleire samanhengar.

Heilskapleg forståing av arkitekturhistoria krev inkludering av alle stemmer og perspektiv. Å marginalisere kvinners bidrag skaper eit skeivt bilet av arkitekturens utvikling. Kvinnelege arkitektar og deira verk kan inspirera framtidige generasjonar, særleg unge kvinner som ønsker ei karriere innan feltet. Her har historia vist oss med fleire døme korleis det kan utarta seg, mellom anna med Alison Smithson.

*Alison Smithson var en modig medspiller i Team X-aksjonen og var i ettertid den som førte gruppens arbeid i pennen. På denne måten ble hun en avgjørende referansefigur for kvinner i arkitektyrket fra 1950-tallet og fremover.*<sup>125</sup>

---

<sup>124</sup> Findal 2004:112

<sup>125</sup> Findal 2004: 50

For å bygga eit rettferdig, inkluderande og berekraftig samfunn er det avgjerande at også kvinner historie og bidrag blir anerkjent og løfta fram, ikkje berre innan arkitektur, men i alle sektorar av samfunnet. Viktigheita med likestilling er også anerkjent hos FN i berekraftsmål nummer 5. <sup>126</sup>

Likestilling er ein del av berekraftsmåla, men er likevel noko me gjerne ikkje prioriterer aktivt innan arkitektur og vern. I neste kapittel er tema akkurat berekraft der delar av dette vil bli tatt opp igjen.

---

<sup>126</sup> FN-Sambandet 2022

## Kapittel 4: Berekraft – Fortid, notid og framtid på lag

### Innleiing

I dette kapittelet vil eg utforska eigenskapane ved berekraft innan arkitektur, med hovudfokus på gjenbruk av bygg for å imøtekommme klima- og miljøutfordringane.

Eg undrar meg over kor mykje brukbar bygningsmasse me riv i dag og då særskild bygga som vart reist i etterkrigstida. I etterkrigsåra var det også mykje som vart riven. Kvartal med eldre bygg måtte bøta med «livet» for at landet skulle byggjast opp på ein spesiell måte som ein moderne og framtidsretta nasjon. Sjå til dømes på Realfagbygget i Bergen.<sup>127</sup> I dag har me ein annan agenda, og bør læra av dei erfaringane me gjorde oss den gang og det me veit i dag om at fortida også har verdi for framtida.

Ny interesse for brutalismen har vakse fram i Noreg, med auka fokus på bevaring av desse arkitektoniske skattane. Desse bygningane står som vitnesbyrd om ei spesifikk periode i norsk arkitekturhistorie, kjenneteikna av ei modig tilnærming til arkitektonisk design, samt tett relasjon til utvikling av velferdsstat og sosiale tenester.

### Berekraftig brutalisme

Omgrepet *berekraft* har i dag ei nokså brei betydning etterkvart. Sidan Verdkommisjonen for miljø og utvikling, leia av Gro Harlem Brundtland, lanserte omgrepet i rapporten *Vår felles framtid* i 1987, har omgrepet også utvikla seg.<sup>128</sup> På same måte som omgrepet *Brutalisme* også har gjort det. I takt med at samfunn og verdsbilete utviklar seg, ser det også ut til at også omgrepet utviklar og utvidar seg. Når ein snakkar om berekraftig utvikling må det vera eit samhald mellom miljømessig, sosial og økonomiske premiss.

Her vil eg halda hovudfokuset på det som omhandlar miljø og korleis me kan redusera ressursforbruket vårt ved ombruk av den brutalistiske omsorgsarkitekturen. I tillegg vil eg også sette det i samanheng med det kulturhistoriske aspektet ved vern og korleis det spelar ein vesentleg rolle også innan sosial berekraft.

---

<sup>127</sup> Universitetet i Bergen - Eiendomsavdelingen 2018 :20

<sup>128</sup> FN sambandet 2023

I ei tid der berekraft og miljømedvit står høgt på agendaen, kjem ei ny verdivurdering av vårt bygde miljø inn i biletet. Bygga er der ikkje berre som ein funksjon eller eit kulturminne, men dei er også ein ressurs. Anten slik det står i dag som eit bygg som kan innehalda ein funksjon som sjukeheim, kontor eller skule. Eller at ein rett og slett nyttar delar av bygget til andre byggeføremål.

Brutalistiske omsorgsbygg, ein gong kritisert for sin rå og upersonlege estetikk, får no auka merksemd ikkje berre for sin arkitektoniske verdi, men òg for deira potensiale i ei berekraftig urban framtid. I staden for å rive og bygga nytt, ser mange no verdien av å ta vare på, og tilpasse eksisterande bygg for framtidige behov. Dette har me også sett på i samband med Os sjukeheim. Der kommunen ser på fleire alternativ på korleis dei kan ombruka denne bygningsmassen. Dei har sjølv også peika på at bygget har for gode byggmessige og kulturhistoriske verdiar til at det bør rivast og held foreløpig fast ved ei løysinga med fortsett bruk av bygget, samt vidareføring av bruk til omsorgsføremål. I tillegg har utgreiingar kommunen har gjort, vist at det også vil vera økonomisk fordelaktig å kunna nyta bygget framfor å riva og byggja nytt. Dette kan bety at kommunen sparar både miljøet, kulturminnet og til og med lommeboka.<sup>129</sup>

### Berekraftige strategiar

Sjølv om me ennå ser mykje riving og ikkje minst tomme bygg, er det ein tendens me ser no til at det er meir fokus på å bruka eksisterande bygningsmasse.

Sirkulærøkonomi har kome inn på den politiske agendaen, også i Noreg, og sirkulær design er den nye farsotta innan dei fleste formgivingsfag, arkitektur inkludert. Dette har resultert i at organisasjonar både i privat og offentleg sektor både har strategiar og handlingsplanar som omhandlar berekraft. Desse strategiane og handlingsplanane er gode verktøy når ein saman skal navigera mot målet, ei berekraftig framtid.

Både Stord sjukehus, Os sjukeheim og Aker sjukepleiarskule og søsterheim høyrer innunder ein eller fleire lokale eller nasjonale strategiar og handlingsplanar for berekraft, som gir

---

<sup>129</sup> Bjørnafjorden kommune 2023: side 4 i vedlegg til saksdokument

retningslinjer til korleis ein skal forvalta desse bygga på ein berekraftig måte som også tek vare på ein god kulturmiljøforvaltning.

Riksantikvaren er den overordna kulturminnemyndigheita og eg har difor valt å sjå på

*Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning* som viser nasjonal og overordna strategi som er relevant for alle tre døma.

Frå Riksantikvaren er det særskilt Mål 2 og 3 med tilhøyrande satsingsområdet som eg vil trekka fram som relevant for denne oppgåva. Begge desse måla er i rapporten sortert under reduksjon av klimagassutslepp og handlar om akkurat det me ser som gevinst for dei bygga me tar vare på.

Mål 2 handlar om å bevara og nyttegjere bygningar for å redusera klimagassutslepp og ivareta kulturmiljøet. Den strategiske innsatsen under dette målet inkluderer utvikling og formidling av kunnskap om korleis istandsetting, rehabilitering og ombruk av bygningar kan medverke til å minska klimagassutslepp. Vidare søker ein å bidra til utforming av verkemiddel og regelverk som fremjar vedvarande bruk og ombruk av bygningar og bygningsdelar. Dette overordna målet reflekterer ein ambisjon om å integrera berekraftige prinsipp i bygningsforvaltning, med fokus på både miljøomsyn og bevaring av kulturell arv.<sup>130</sup> Akkurat denne kunnskapen bør bli svært tilgjengeleg, slik at ein får dette som ein standard praksis. I dag ser me at det ennå er få byggherrar og entreprenørar som vågar å ta den økonomiske risikoen på å utføra og tilby rehabilitering med bruk av brukte delar. Det er gjort framgang i regelverket ved at det stilles krav til ombruk med omsyn til ressursforbruket vårt. Det er også lagt inn krav om ombrukskartlegging for eksisterande bygningsmasse, men det manglar ennå krav om å faktisk bruka dei elementa som vert kartlagt.<sup>131</sup>

Mål 3 handlar om å betre energiprestasjonane i eksisterande bygningar for å redusera klimagassutslepp samstundes som ein tar vare på dei kulturhistoriske verdiane. Den strategiske innsatsen under dette målet inneber å vera ein pådrivar for energieffektivisering av bygningar, samstundes som ein tek vare på kulturhistoriske verdiar. Vidare søker ein å bidra til auka kunnskap og kompetanse om betring av energiprestasjonane til bygningar med kulturhistorisk verdi. Dette målet reflekterer ønsket om å oppnå ein balanse mellom

---

<sup>130</sup> Riksantikvaren 2021: 11

<sup>131</sup> Byggteknisk forskrift (TEK17), 2022, §9-5, §9-6, §9-9

miljøomsyn og bevaring av kulturell arv gjennom målretta arbeid med energieffektivisering i historiske bygningar.<sup>132</sup> Det kan ofte visa seg å vera utfordrande å få til gode nok energiprestasjonar for eldre bygg. I Bergen rådhus fekk me erfara utfordringar med betongbygget. Det var ikkje mogeleg å etterisolera for innvendig. Det var heller ikkje aktuelt med utvendig isolering, då dette hadde endra heile fasaden og kanskje også den symbolverdien og arkitekturhistoria ein ønskte å ivareta. Dette vil vera eit dilemma som ein kjem opp i ofte for brutalistiske bygg av betong. Og er aktuelt både for Stord sjukehus og Os sjukeheim som skal bevarast.

Når me ser gjennom strategidokument omhandlande arkitektur og berekraft er det også verdt å nemna *Arkitektur- og byutformingsstrategi for Bergen, Arkitektur+*.<sup>133</sup> Den har ikkje direkte knytt til døma eg har presentert under kapittelet *Brutalismen i Noreg* i og med at den er laga med tanke på arkitektur i Bergen. Men den er et verktøy som eg har hatt glede av å nytta meg av og som er eit nyttig strategidokument som inneheld relevante tema som er aktuelle utover bygrensene til Bergen når ein skal vurdera arkitektur, identitet og berekraft i samanheng. Den knyter lovverk opp mot strategien, som gir ei fin konkretisering på korleis ein kan planlegga og løysa ulike utfordringar. Strategien består av 4 mål og derunder prinsipp tilknytt desse. Eg vil trekka fram tre av prinsippa frå strategien som er særskilt relevant for tema i denne oppgåva. Det første prinsippet eg vil trekka fram er nr 4, *Prinsipp nr for bymiljø og eigenart*. Dette prinsippet fokuserer akkurat på det som omhandlar det å nytta kulturminne som verktøy i å skapa ein identitet gjennom innhald og funksjon i bygga. Gjennom å bruka arkitekturen på denne måten bidreg ein både til relevans for arkitekturen og funksjonsbehov, men også ein forsterkande identitet. Dette prinsippet kunne vore nytta mellom anna for Os sjukeheim, der ein til dømes kunne forsterke identiteten til Lurane tunet ved å fortsetta og utvikla det gamle bygget til helse- og omsorgsrelatert funksjon. Men då gjerne med ei meir aktiv og utoverretta bruk enn som lagerfunksjon.

---

<sup>132</sup> Riksantikvaren 2021: 11

<sup>133</sup> Bergen kommune 2019

I prinsipp nummer 6, *Sosial berekraftig nabolag*, er fokus å skapa rom for fellesskapet. Det skal leggast til rette og planleggast for å skapa møteplassar som er for alle. Likeverd og helsefremjande løysingar er trekt fram. Dette er også tankar som ein såg hos *Team 10*.

*Place and occasion constitute each other's realization in human terms: since man is both the subject and object of architecture, it follows that its primary job is to provide the former (place) for the sake of the latter (occasion).<sup>134</sup>*

Jobben er å legga til rette for nabolag, aktivitet og samhald. Dette kan gjelde like mykje for helseinstitusjonar, der ein både utvendig og innvendig treng areal som famnar samhald og menneskeleg interaksjon med kvarandre, på tvers av alder, kjønn og etnisitet. For pårørande, pasientar og personale. Her kan eg igjen trekka inn opplevinga i Haugesund, der det ikkje var lagt til rette for dette.

Det siste prinsippet eg tek med meg frå *Arkitektur+ er nummer 7, Lav energi og ressursbruk*.<sup>135</sup> Dette prinsippet omhandlar både plassering av bygg og områder med omsyn til reduksjon av transport og energiforbruk. Gode løysingar for energi samt miljøvennlege material i nybygg. Men det eg vil trekka fram mest her er fjerde del under dette prinsippet er prioritering av eksisterande bygg og material. Når eit bygg skal rivast, kan det vera mogeleg å henta ut material frå riveobjektet, og gjere nytte igjen av det brukte materialet.<sup>136</sup>

Eg har ikkje lukkast i å finna ut om delar av Aker sjukepleiareskule og søsterheim vil bli brukt i andre prosjekt. Men dette hadde nok vore praktisk mogeleg når ein ser på utviklinga av denne forma av ombruk.

Slik som til dømes når Statsbygg vel å nytta holdekke frå R4 bygget i Regjeringskvartalet til andre byggeprosjekt.<sup>137</sup> Slike dømer ser me meir og meir av. Og det kan også sjå ut til at offentlege strategiar og lovverk kjem etter og ønskjer å endra dette om til standard praksis.

---

<sup>134</sup> Smithson 1974: 102

<sup>135</sup> Bergen kommune 2019

<sup>136</sup> Bergen kommune 2019

<sup>137</sup> Regjeringen.no 2020

Strategiar er ikkje lovverk, men retningslinjer som skal eller bør følgjast for å oppnå eit gitt mål. Difor er det til hjelp med eit regelverk som også set føringar for berekraftig praksis. I TEK17 er det no eit krav om at produkt skal vera egna for ombruk og gjenvinning, samt tilrettelegging for demontering.<sup>138</sup>

Dette legg også til rette for auka bruk av «donorbygg». Donorbygg skal kunne nyttast slik at ein skal kunna ombruka bygningsdelar og material. Til no har det vist seg å vera ein relativt tung prosess å få dette til. Både på grunn av manglande føreseielegheit i kva som er mogeleg å få tak i, men også på grunn av kostnadene. Andre utfordringar er sertifiseringar og garantiar. FoU prosjektet *SirkBygg* er eit prosjekt leia av Skanska, som skal finne ut av korleis desse prosessane skal kunna forenklast.<sup>139</sup>

I eit berekraftsperspektiv som ser berre på den miljømessige og økonomiske delen, vil dette vera eit svært bra tiltak. Men å demontera og ombruka eit bygg som eit «donorbygg» kan også by på utfordringar i å ivareta kulturarva godt nok dersom det ikkje er først prioritert å behalda bygget i si opphavelege form som ei fysisk bevis på historia. Moglegheiter med ombruka av element andre stader, er at den kan skapa ein styrka verdi ved hjelp av historieforteljing. Til dømes korleis lærarhøgskulen i Bergen har vorte delvis demontert og brukt om att som delar i resten av byen. Då lever «organa» til den utdaterte bygningen vidare til glede for andre.<sup>140</sup>

### Brutalistisk berekraftspraksis

I Sintef si rapport *Grønt er ikke bare en farge*, blir det peika på viktigheita av at kulturelle og historiske verneverdiar blir medtatt i ei heilskapsvurdering når ein skal vurdere miljøvennlige rehabiliteringstiltak.<sup>141</sup>

Det er antatt at 80-90 % av den eksisterande bygningsmassen me har i dag enno vil stå i 2050.<sup>142</sup> Det vil seie at ein må sjå på korleis ein kan få til brukbarheit i bygg som ikkje lenger fungerer til sin opphavelege funksjon framfor å riva. Ein god praksis som både tar for seg

<sup>138</sup> Byggteknisk forskrift (TEK17), 2022, §9-5, §9-6, §9-9

<sup>139</sup> Rambæk 2021

<sup>140</sup> BIR 2021

<sup>141</sup> Fufa et. al. 2020: 75

<sup>142</sup> Fufa et al. 2020: 4

måtar å bevara og forvalta bygg, men også delar av bygg kan vera ei løysing som ser ut til å vera under rask utvikling. Noko som tyder godt både for klima- og kulturminnevern.

I dei seinare åra har me oftare sett dømer på at også brutalistiske bygg har vore prioritert og sett i stand fleire stader. Det ser ut til at også etterkrigsarkitektur har endra status frå å ikkje vera likt, til bli trendy og forbunden med høg status. Både i form av stil og identitet, men også ikkje minst i form av ansvar- og berekraftsaspektet. Dei siste åra har me erfart både offentlege og private byggverk innan brutalismen som har vore rehabiliterert og transformert. Dømer på dette er mellom anna Bergen Rådhus, Trekanten i Oslo og Symjehallen i Stavanger.

Når me jobbar med å analysera bygg i forkant av ein aktuell rehabilitering, er det ofte allereie eit ynskje frå kunde kva bygget skal brukast til. Og kva typar analysar og vurderingar ein gjer tek utgangspunkt i dette. Det blir ganske likt som når ein planlegg eit nytt bygg. Der brukaren skal vera utgangspunkt for planlegginga i tillegg til rammeverket arealplan og eigedomsgrenser gir. Det som er den store skilnaden er sjølv sagt at med ein eksisterande bygningskropp har ein allereie nokon fysiske rammer ein må forhalda seg til. Ein må slik kunna vurdera også om bygget som allereie står der er eigna til det føremålet som er tenkt.

Slik var det mellom anna for Bergen Rådhus, der eg var ein del i teamet for rehabiliteringsprosjektet. I dette prosjektet var det både klimagassberekingar, kostnadskalkylar og verdien som identitetsskapande arkitektur for byen var trekt fram som utslagsgivande for å bevara framfor å riva.<sup>143</sup> I dette tilfellet var ikkje ny bruk av bygget vurdert. Det var heller ikkje nødvendig, då konklusjonen var å bevara for å gi Rådhuset 60 nye leveår. Det var allereie eit premiss at det skulle fortsette å vera eit administrasjonsbygg for kommunens tilsette. Dersom det ikkje låt seg gjera etter innleiande analysar, kunne konsekvensen ha vore at Rådhuset i Bergen vart revet til fordel for eit nybygg. Riving var på trass av nokon få som tok til motmæle skjebnen til mellom anna i same by.<sup>144</sup> Same med Y-blokka i Oslo trass massiv motstand.

For Stord sjukehus, Os sjukeheim og Aker sjukepleiareskule og søsterheim ville det vore andre kriterium på korleis ei berekraftig vidare forvalting ville vil bli handtert. Eg kjem

---

<sup>143</sup> Bergen Kommune 2019

<sup>144</sup> Rossow 2019

ikkje til å gjere ein eigen analyse på dette, men gløtta litt tilbake på dei tre prinsippa frå Arkitektur+. Her meiner eg at me kan sette desse tre bygga under kvar sitt hovudprinsipp, utan at dette er ein fasit for desse bygga.

Stord sjukehus med sin autentiske framtoning både innvendig og utvendig ville eg tatt utgangspunkt i prinsipp nummer 4 som omhandlar eigenart og identitet. Ved å ivareta kulturminneverdien av dette bygget, kan ein nytta arkitekturen her til å forsterke identiteten i sjukehusområdet.

For Os sjukeheim kunne ein kanskje også nytta seg av dette prinsippet, men eg vil likevel argumentera for å nytta prinsipp 6 her som omhandlar å leggja til rette for sosialt berekraftige nabolag. Det å skapa ein synergি og ein integrering mellom omsorgsarkitekturen og det etablerte bustadmiljøet samtidig som ein forsterkar og aktiviserer sjukeheimen som eit signalbygg, kan skapa synergieffektar for eit område for sambruk. Ein kunne vidare sett for seg at prinsipp nummer 7 også er aktuelt her også med tanke på både korleis ein legg opp for energi- og berekraftig materialbruk sidan heile interiøret her er strippa.

For Aker sjukepleiareskule og søsterheim er det prinsipp nr 7 som er aller viktigast. Når bygget må rivast til fordel for ein meir omfattande plan, må dverre kulturminnet ryka, men delane kan kanskje leva vidare i andre byggeprosjekt dersom komplekset vert nytta som donorbygg.

I andre høve kan det vera nyttig å sjå på om det er andre funksjonar som kan puttast inn i eksisterande bygg. Funksjonar som gir meir mening innan dagens kontekst og kanskje også passar betre med tanke på dagens krav. Då slepp ein å tenkje at bygget skal tilpassast føremålet, men at heller føremålet skal tilpassast bygget. Det blir på ein måte omvendt frå når ei skal bygga eit nytt bygg, som vert planlagt utifrå brukarar sine behov. Eg meiner absolutt at ein skal planlegga både nye og eksisterande bygg utifrå brukaren. Men når det gjeld ombruk av bygg, bør ein kanskje først sjå på kva dette bygget kan tilpassast i dag av akkurat det behovet ein har.

Brutalistiske omsorgsbygg kan vera utdaterte av fleire grunnar. Dei kan ha tekniske utfordringar knytt til energieffektivitet og tilgjengeleighet, og dei svarar ikkje alltid til dagens krav om fleksibilitet i romutforming. Desse bygga kan ikkje alltid møta moderne standardar

for individuell tilpassing og teknologisk integrasjon. På den andre sida har brutalistiske omsorgsbygg ofte karakteristisk arkitektur som skapar sterke identitetar og fellesskapsfølelse. Deira robuste strukturar og omfattande rom kan tilby ein plattform for inkluderande og sosiale omsorgsmiljø, noko som kan vere unikt i samanlikning med nyare omsorgsbygg. Det handlar difor om ein avveging mellom teknologisk oppdaterte behov og verdien av å bevare dei unike kvalitetane til brutalistisk omsorgsarkitektur.

Å tenkja utover estetikken, som også alltid vil vera subjektiv, og heller sette andre og meir konkrete verdisett som til dømes nytte og berekraft.

Bevaring av brutalismen kan spela ei sentral rolle i å skapa ei meir berekraftig framtid. Sosialt kan brutalistiske bygg, ofte offentlege eller kulturelle institusjonar, fungere som viktige knutepunkt i samfunnet, styrke fellesskapet og gi ein stad for samling, aktivitetar og dyrking av lokale tradisjonar.

Miljømessig kan brutalismen bidra til redusert ressursforbruk ved å fokusere på restaurering og gjenbruk av eksisterande bygningar. Dette er ofte meir ressurseffektivt enn å rive og bygge nytt, og det reduserer avfallsmengda, energiforbruket og behovet for nye byggematerialar. Lokal tilpassing blir også fremja, då mange brutalistiske bygg er designa med omsyn til lokale forhold som lys, vind og temperatur. Den lange levetida til betong, eit sentralt materiale i brutalismen, gir moglegheit for varige strukturar med minimalt vedlikehald.

Økonomisk kan interessa for brutalismen stimulere arkitekturturismen, der folk reiser for å sjå kjende bygg, og dette kan bidra til lokal økonomisk vekst. Ved å investere i vedlikehald og restaurering av brutalistiske bygg forlenger ein bygga si levetid og unngår kostnader knytt til nybygg. Restaureringsarbeidet skaper òg jobbar for handverkarar, arkitektar og andre spesialistar. Samla sett kan bevaring av brutalismen med sitt særpregande estetiske og funksjonelle formspråk leggja grunnlaget for ei berekraftig framtid, styrke sosial samhøyrige, redusere miljøavtrykket og stimulere økonomisk utvikling.

Bevaring av brutalistisk omsorgsarkitektur krev ei grundig tilnærming for berekraftig forvaltning. Først må verdi identifiserast, inkludert sosial, kulturell, og historisk tyding. Systematisk katalogisering gjev oversikt over tilstand og vedlikehaldsbehov, slik at ressursar kan prioriterast. Aktiv bruk og tilpassing er naudsynt utan å miste arkitektonisk integritet.

Kompetanseheving blant fagfolk er avgjerande, inkludert berekraftige restaureringsmetodar. Offentleg engasjement er viktig, med samarbeid på tvers av sektorar for heilskapleg forvaltning. Økonomisk støtte, både frå offentlege og private kjelder, er nødvendig for å sikra vedlikehald og bevare brutalistisk omsorgsarkitektur som nasjonal arv.

### Brutalistisk framtid i ny historisk drakt

Ombruk og bevaring av historiske bygg representerer ikkje berre ressursinnsparing, men òg respekt for fortid og framtid. Forståing av korleis me kan fornya brutalistiske omsorgsbygg er eit steg mot meir inkluderande berekraftig og historisk utvikling. Vern, ombruk og bevaring av brutalistiske bygningar er betydeleg for ei grønare framtid. Brutalistisk omsorgsarkitektur er integrert i etterkrigshistoria, no truga av forfall og manglande forståing, men også med håp frå ei raskt voksande interesse for ombruk, som også får noko draghjelp frå regelverk. Berekraftig forvaltning er avgjerande for å bevare denne arva. Bevara og rehabilitera bygg sparar ressursar i materialar, energi og tid. Sosiale og historiske bygningar styrkar fellesskap og lokal identitet, medan bevaring skapar jobbar og økonomisk vekst.

Å ta vare på kulturarva på ein berekraftig måte handlar ikkje berre om å bevara bygningane, men også historia om kven som forma dei og for kven. Anerkjenning og verdsetting av det eksisterande bygde miljøet, med inkludering av bidrag også frå kvinnelege arkitektar, er avgjerande for at samfunnet skal utvikla seg på ein måte som respekterer både fortida og framtida.

## Del 5: Konklusjon

For å bevara og formidla brutalistisk omsorgsarkitektur på ein best mogleg måte, er det avgjerande å utvida forståinga for desse bygningane og historia rundt dei.

Gjennom denne studien sine tre ulike synsvinklar har eg studert fleire måtar å forstå og sjå på denne kulturarva som verdifull. Dette har eg gjort ved å visa til korleis ein bruker omgrepene. Både som ein filosofi, og som stil. Det siste ser ut til å vera det som er mest nytta i dag. Dei tre prinsippa til Banham står ennå sterkt når ein skal definera kva som er eit brutalistisk bygg. Men når ein skal legga ein plan for vidare bevaring, vil Smithsons sine teoriar om å tilpassa rett stad til rett bruk vera gjeldande.<sup>145</sup>

Saman kan begge desse bidra til ein god praksis av bevaring og ombruk av denne kulturarva ved definisjon av stil og bruk.

Til trass for at brutalismen ofte blir sett på som kald og utilnærmeleg, har fleire arkitektar, inkludert dyktige kvinnelege arkitektar, vist at denne stilten kan bli brukt til å skapa varme, innbydande og funksjonelle omsorgsrom. Det viser at arkitektur, uavhengig av stil, alltid har potensial til å reflektera dei menneskelege behova. Eit av dei gode eksempla på dette kjem fram i analysen av Anna og Jostein Molden sine omsorgsbygg.<sup>146</sup> Gjennom å utforska brutalistisk omsorgsarkitektur i Noreg, fann eg korleis denne særprega stilten har vore med og forma landskapet i etterkrigstida. Brutalismen, med si karakteristiske bruk av ærlege material og geometriske former, har ikkje berre satt sitt preg på landskapet i by og land, men har òg vist seg å vere særskilt godt egna til omsorgsformål. Kanskje ikkje med første augnekast, men med å forstå historia og tilpassa bruk eller bygg på ein god måte som vil gagne pasientar, pårørande og pleiepersonell. Tendensen er likevel at brutalismen er neglisjert som verneobjekt. Sjølv i tilfelle som allereie verna objekt, som Stord sjukehus, glimrar omgrepene *brutalisme* med sitt fråvær

Ved å dykke djupare i litteratur og dømer, fann eg at kvinner har hatt ein sentral rolle i utforminga av mange omsorgsinstitasjonar, og også i utvikling av brutalistisk arkitektur. Dette på trass av at deira påverknad dessverre har vore eit oversett tema i

---

<sup>145</sup> Smithson 1974: 102

<sup>146</sup> Hansteen 1986: 421

arkitekturhistoria. Deira innsikt og medkjensle for brukaren sitt perspektiv kan ha bidratt til at brutalistiske omsorgsbygg ikkje berre er funksjonelle, men òg menneskelege og inviterande og på den måten godt tilpassa til å husa funksjon som omsorgsinstitusjon.

Å setja fokus på brutalistisk omsorgsarkitektur sine funksjonelle moglegheiter for tilpassingar til dagens behov og deira kulturelle verdi bidreg til å synleggjera historia og styrkja argumenta for bevaring og ombruk. I nokon tilfelle betyr dette å ta vare på dei i form av vedlikehald og vidareføring av eksisterande bruk. I andre høve vil det bety bruksendring for å kunna husa eit nytt behov samfunnet har eller og som gjer at bygget enno kan prestera etter dagens standard. Det siste alternativet vil vera å la bygget nyttast vidare til donorføremål, og at kulturarva då lev vidare stykkevis og delt.

Med dagens fokus på å redusera ressursforbruken for ei meir berekraftig utvikling ser me kor verdifullt det er å bevara og tilpassa framfor å riva og bygga nytt. Brutalistiske bygg med solide material, tenkt for lang levetid representerer ein ressurs i seg sjølv. Ombruk av desse bygningane er ikkje berre eit bidrag til å redusera karbonfotavtrykket, men òg ein måte å bevara eit viktig kapittel av norsk arkitekturhistorie.

Både private og offentlege aktørar har allereie tatt for seg det at å ta vare på bygg kan bety mykje spart CO<sub>2</sub>, og samstundes unngå å måtte bruka meir energi på å produsera meir material. Regelverket byrjar også å gå i retning om å bidra i denne retninga, slik at det også kan lønna seg økonomisk.

CO<sub>2</sub> rekneskap, tekniske verdiar og økonomi er ikkje alt for å få til ein best mogleg måte å bevara den brutalistiske omsorgsarkitekturen. Me må også formidla og utnytta den på ein måte som reflekterer dei sosialhistoriske og kulturelle verdiane denne arkitekturen representerer. Ein arkitektonisk framgangsmåte og tankesett som tek omsyn til, og har omsorg for, mangfaldet i eit samfunn i konstant endring og som samtidig skal ivareta dette gjennom vårt bygde miljø.<sup>147</sup>

---

<sup>147</sup> Smithson 1974: 12

## Litteraturliste

ABO Plan & Arkitektur AS. (2019). *Planprogram - Områderegulering for Hauge*. Os kommune.

Arkitektbedriftene. (2019, mars 8). *Kvinner i arkitekturen*: [www.arkitektbedriftene.no](http://www.arkitektbedriftene.no). Henta frå arkitektbedriftene.no: <https://www.arkitektbedriftene.no/kvinner-i-arkitekturen>

Arkitekturopprøret. (2023, mars 25). *@aonorge*. Henta november 27, 2023 frå Instagram:  
[https://www.instagram.com/p/CqN23pGqiwp/?img\\_index=1](https://www.instagram.com/p/CqN23pGqiwp/?img_index=1)

Arkitekturopprøret. (u.å., u.d.). *Om arkitekturopprøret*. Henta frå Arkitekturopprøret.no:  
<https://www.arkitekturopprøret.no/om>

Bakkerud, R. (1993). *Aker sykepleierhøgskoles historie og utvikling 1924-1985 : fra sykehusskole til høgskole*. Oslo.

Banham, R. (1955, desember 9). *The New Brutalism by Reyner Banham*. Henta november 29, 2023 frå www.architectural-review.com: <https://www.architectural-review.com/archive/the-new-brutalism-by-reyner-banham>

Bergen kommune. (2019). *Arkitektur+ - Arkitektur- og byformingsstrategi for Bergen*. Bergen kommune. Henta frå <https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/arkitekturog-byformingsstrategi/prinsipper>

Bergen Kommune. (2019, januar 29). <https://www.bergen.kommune.no/politikk/saker/>. Hentet fra bergen.kommune.no: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/1387640/Framstilling-Radhuset-Oppjustering-av-budsjett-for-rehabilitering-Vurdering-av-alternativer->

Bergen kommune. (2022). *Grønn strategi: Klimastrategi for Bergen 2022-2030*. Bergen kommune.

BIR. (2021, 01 20). *Her lever møbler og materialer fra lærerhøgskolen videre*. Henta frå bir.no: <https://bir.no/miljoeportalen/gjenbruk/her-lever-moebler-og-materialer-fra-laererhoegskolen-videre/>

Bjørnafjorden kommune. (2023, 08 24). *Os gamle sjukeheim som omsorg+ bustader eller*. Henta 11 18, 2023 frå [https://bjornafjorden.kommune.no/sok-etter-sak/sok-etter-alle-saker/#/details/a-516cfddf\\_1505\\_4aa6\\_a17e\\_6ec6b929bcfc-2021026361!90Q6Fx](https://bjornafjorden.kommune.no/sok-etter-sak/sok-etter-alle-saker/#/details/a-516cfddf_1505_4aa6_a17e_6ec6b929bcfc-2021026361!90Q6Fx)

Brekke, N. N. (2017). *Norsk Arkitekturhistorie* (2. utg.). Det Norske Samlaget.

Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Byantikvaren i Oslo. (2013). *Kulturminnegrunnlag*.

Direktoratet for Byggkvalitet. (2022, Februar 3). *Relevante krav i TEK17*. Henta frå Når gjelder byggeteknisk forskrift(TEK17): <https://dibk.no/bygge-eller-endre/arbeid-pa-eksisterende-bygg/nar-gjelder-byggeteknisk-forskrift-tek17>

Endr. i Byggeteknisk forskrift (TEK17). (2022). *Forskrift om endring i forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggeteknisk forskrift)*. (FOR-2017-06-19-840). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2022-05-29-945>

Findal, W. (2004). *Mindretallets mangfold: Kvinner i norsk arkitekturhistorie*. Abstrakt forlag.

FN Sambandet. (2023, juni 28). *Bærekraftig utvikling*: [www.fn.no](http://www.fn.no). Henta frå www.fn.no: <https://www.fn.no/tema/fattigdom/baerekraftig-utvikling>

FN-sambandet. (2022, 10 28). *FNs bærekraftsmål*. Henta frå www.fn.no: <https://fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

Forskrift om kulturhistoriske eiendommer. (2011). *Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer*. (FOR-2023-03-01-284). Lovdata.

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-11-09-1088/KAPITTEL\\_2#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-11-09-1088/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2).

Fufa, S. M., Flyen, C., & Venås, C. (2020). *Grønt er ikke bare en farge: Bærekraftige bygninger eksisterer allerede*. Sintef akademiske forlag.

Grindrod, J. (2018). *How to Love Brutalism*. Batsford.

Grønnmo, S. (u.d.). *Kvalitativ metode*. Henta november 26, 2023 frå Store Norske Leksikon: [https://snl.no/kvalitativ\\_metode](https://snl.no/kvalitativ_metode)

Grønvigh, K. O. (2019, januar 29). *Den gamle sjukeheimen= Helsehuset*. Henta frå [www.midtsiden.no: https://www.midtsiden.no/den-gamle-sjukeheimen-helsehuset](https://www.midtsiden.no/den-gamle-sjukeheimen-helsehuset)

Halsaa, B. (2007). *Kvinnehistorie.no*. Henta oktober 8, 2023 frå <https://www.kvinnehistorie.no/artikkel/t-1939>

Hansteen, H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8). Henta frå <https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Harang, M. (2008, oktober 27). Fra brutalisme til femi formspråk. *Arkitektnytt*.

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Haukali, P. O. (2018). *Likestilte byrom - en utforskning av hvordan en feministisk tilnærming kan bidra til utforming av offentlige byrom i indre Oslo.* [Masteroppgåve], Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet.

Heldal, G. (2023, 11 22). E-post korrespondanse.

Helsedirektoratet. (2023, Januar 5). *Menn i kommunal helse- og omsorgstjeneste:* [helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no). Henta frå www.helsedirektoratet.no:  
<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/personell-og-kompetanse-i-den-kommunale-helse-og-omsorgstjenesten/kjonn-alder-og-innvandringsbakgrunn/menn-i-kommunal-helse-og-omsorgstjeneste>

Jensen, R. H. (2016). Byplaner for Oslo fra Harald Hals til i dag, og spor de har satt. *BULL seminaret*, (ss. 36-37). Oslo.

Johnsen, E. (2020). *Erling Viksjø: Eksperimenter i form og betong.* Oslo: Pax forlag.

Kleppa, H. (u.d.). *Connie Henden-leskuret frå Førde Cementvare sidan 1974.* Fylkesarkivet: Kulturhistorisk Leksikon. Henta frå <https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/09aca399-0f4b-434d-87dd-6cae09588d23/>

Klima- og miljødepartementet. (2021). *Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi.* Klima- og miljødepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/f6c799ac7c474e5b8f561d1e72d474da/t-1573n.pdf>

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2020, juli 02). *Fakta: Y-blokken og kunsten.* Henta frå Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/regjeringskvartalet/fakta-y-blokken-ma-rives/id2721904/#hvorfor>

Kulturminneconsult AS. (2022). *Fagrapport Aker sykehus - Kulturminner og kulturmiljø - Konsekvensutredning og undersøkelse.* Fagrapport.

Larssen, K. (2023, november 17). Kvinnene som bygget landet - Siri Jemtland. *dn.no/D2.* Henta november 27, 2023 frå <https://www.dn.no/d2/arkitektur/arkitektur/siri-jemtland/odd-nansen/ble-ikke-kreditert-for-sin-mest-kjente-bygning/7-1-mna4ub614z>

Lynch, P. (2017, august 29). Demolition is Underway on Alison and Peter Smithson's Robin Hood Gardens in London. *Archdaily.com.* Henta november 27, 2023 frå

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

<https://www.archdaily.com/878674/demolition-is-underway-on-alison-and-peter-smithsons-robin-hood-gardens-in-london>

Lønnå, E. (2020, Desember 4.). *Kvinners rettigheter i Norge fra 1945 til 1990-årene*. Henta oktober 24., 2023 frå www.snl.no: [https://snl.no/Kvinners\\_rettigheter\\_i\\_Norge\\_fra\\_1945\\_til\\_1990-%C3%A5rene](https://snl.no/Kvinners_rettigheter_i_Norge_fra_1945_til_1990-%C3%A5rene)

Melhus, L. E. B. (2013). *Fortellinger om Norsk Brutalisme: En studie av et arkitekurbegreps historie*. [Masteroppgave], Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet.

Moe, K., & Lars, R. (u.d.). *Lilla Hansen*. Henta november 26, 2023 frå snl.no:  
[https://snl.no/Lilla\\_Hansen](https://snl.no/Lilla_Hansen)

Møllerhaug, N. H. (2021, april 25). *Anna og Jostein sitt harmoniske univers*. Henta november 19, 2023 frå www.ba.no: [https://www.ba.no/anna-og-jostein-sitt-harmoniske-univers/s/5-8-1596422?onboarding\\_mode=true](https://www.ba.no/anna-og-jostein-sitt-harmoniske-univers/s/5-8-1596422?onboarding_mode=true)

Rambæk, I. (2021, desember 7). *Fra avfallsverstinger til donorbygg?* Henta frå sintef.no:  
<https://www.sintef.no/siste-nytt/2021/fra-avfallsverstinger-til-donorbygg/>

Ramsvik, M. (2019, august 26). *Resultatet er klart: BTs lesere har kåret Bergens styggeste bygning*. Henta frå bt.no: <https://www.bt.no/kultur/i/mRyvBE/resultatet-er-klart-bts-lesere-har-kaaret-bergens-styggeste-bygning#cc-comments>

Riksantikvaren. (2021). *Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning: 2021-2023*.

Riksantikvaren. (u.d.). *Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer - Kapittel 2 Fredete eiendommer i Helse- og omsorgsdepartementets- Vedlegg nr. 29*.

Romøren, Tor I. (Red.). (2018). *Den norske velferdsstaten*. Gyldendal.

Rossow, J. E. (2019, 3 23). Ikke riv fylkesbygget! *Bergens Tidende*. Henta 11 15, 2023 frå <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/zLdPwb/ikke-riv-fylkesbygget>

Seip, E. (2023, april 19). *Maja Melandsø i Norsk kunstnerleksikon*. Hentet 10 25, 2023 fra snl.no:  
[https://nkl.snl.no/Maja\\_Melands%C3%B8](https://nkl.snl.no/Maja_Melands%C3%B8)

Smithson, A. (1974). *Team 10 Primer*. MIT Press.

Sporvin, M. (2022). *Kunstvæversker og Arkitekter: Kvinner i estetiske fag omkring 1900*. Oslo: Dreyers Forlag.

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Stange, E. (2001). *Inspirert av The New Brutalism?: Arkitektureksempl fra Bergen sett i lys av Alison og Peter Smithsons teorier.* [Hovedoppgave i kunsthistorie], Universitetet i Bergen, Seksjon for kunsthistorie.

Statens Kulturhistoriske Eiendommer. (2008). *Forvaltningsplan Stord sjukehus.* Helse Fonna HF.

Thon, T. H., & Nilsen, T. T. (2023, mars 23). Freder likevel ikke Selmer-hus. *Arkitektur.no.*

Udvang, T. A. (Regissør). (1969). *Vareflom i gammelt miljø* [Film].

Universitetet i Bergen-eiendomsavdelingen. (2018). *Forvaltningsplan UiB 10197 - Kompleks 9900488 - Realfagbygget - Allégaten 41.* Universitetet i Bergen. Henta november 26, 2023 frå <https://ekstern.filer.uib.no/eiendomsavdelingen/Forvaltningsplaner/Realfagbygget.pdf>

Van Zijp, H. M. (2020, Januar 24). *Brå betong: Brutalismen er elska og hata. Kvifor framprovoserer dei nye kulturminna så sterke kjensler?* Henta frå arkitektnytt.no:  
<https://www.arkitektnytt.no/nyheter/br%C3%A5-betong>

Vangsnes, A. (2022, 09 26). *Frp og Ap fann saman om kva dei skal gjera med gamle Os sjukeheim.* Henta frå <https://www.osogfusa.no/nyhende/frp-og-ap-fann-saman-om-kva-dei-skal-gjera-med-gamle-os-sjukeheim/>

Vangsnes, A. M. (2022, september 26). *Frp og Ap fann saman om kva dei skal gjera med gamle Os sjukeheim.* Henta april 9, 2023 frå [www.osogfusa.no](http://www.osogfusa.no):  
<https://www.osogfusa.no/nyhende/frp-og-ap-fann-saman-om-kva-dei-skal-gjera-med-gamle-os-sjukeheim/>

Vidler, A. (2012, desember 1). *Learning to Love Brutalism.* *Docomomo Journal,* (47), 4–9.  
<https://doi.org/10.52200/47.A.Q0J80HCU>. Henta frå <https://docomomojournal.com/index.php/journal/article/view/143>

Wergeland, E. S. (2013). *From Utopia to Reality: the Motorway as a Work of Art.* [Doktorgradsavhandling], Arkitektur- og designhøyskolen i Oslo.

Wergeland, E. S. (2019, juni 20). Betongbyråkratiet: Den arkitektoniske arva etter norske rådhus frå etterkrigstida. *Kunst og Kultur.* Henta frå <https://idunn.no/doi/10.18261/issn.1504-3029-2019-02-02>

Wergeland, E. S. (2023). Trekantblokka Oslo. *Arkitektur.no.* Henta november 26, 2023 frå <https://www.arkitektur.no/prosjekter/naering/trekantblokka>

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Aaseng, A.-L. (u.d.). Henta frå [https://bjornafjorden.kommune.no/sok-etter-sak/sok-etter-alle-saker/#/details/a-516cfddf\\_1505\\_4aa6\\_a17e\\_6ec6b929bcfc-2021026361!90Q6Fx](https://bjornafjorden.kommune.no/sok-etter-sak/sok-etter-alle-saker/#/details/a-516cfddf_1505_4aa6_a17e_6ec6b929bcfc-2021026361!90Q6Fx)

## Illustasjoner

Figur 1: Rehabilitert betongrelieff bidreg til å styrke historieforteljinga - Foto: Kyrre Sundal, Henta fra Arkitektur.no

Kjelde: Wergeland, E. S. (2023). Trekantblokka Oslo. *Arkitektur.no*. Henta november 26, 2023 fra <https://www.arkitektur.no/prosjekter/naering/trekantblokka>

Figur 2: Riving av Robin Hood Gardens i 2017 - Foto henta fra Dezeen.com

Kjelde: Mairs, J. (2017). Bulldozers Move in on Robin Hood Gardens. *Dezeen.com*. <https://www.dezeen.com/2017/08/25/bulldozers-demolition-robin-hood-gardens-alison-peter-smithson-brutalist-estate/>

Figur 3: Villa Göth - Fotograf Sune Sundahl - henta fra digitalmuseum.se

Kjelde: <https://digitaltmuseum.se/011015010605/villa-goth-exterior>

Figur 4: Hunstanton School - Photo av Christopher Hilton, Henta fra Wikimedia.org

Kjelde: [https://en.m.wikipedia.org/wiki/File:Smithdon\\_School,\\_Hunstanton-geograph.org.uk-2341065.jpg](https://en.m.wikipedia.org/wiki/File:Smithdon_School,_Hunstanton-geograph.org.uk-2341065.jpg)

Figur 5: Foto fra den tida Stord sjukehuset var heilt nytt i 1970 - Henta fra artikkel i BA av Møllerhaug 2021

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8). Henta fra <https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 6: Kart henta fra Fredningsrapport – Riksantikvaren

Kjelde: Riksantikvaren. (u.d.). *Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer - Kapittel 2 Fredete eiendommer i Helse- og omsorgsdepartementets-Vedlegg nr. 29.*

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Figur 7: *Stord Fylkessjukehus - Byggekunst 1986 n. 8 s. 425*

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8).

Henta frå

<https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 8: Figur 8: Stord sjukehus Identitetsskapande baldakinar – *Byggekunst* 1986 n. 8 s. 420

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8).

Henta frå

<https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 9: Stord sjukehus Identitetsskapande baldakinar – *Byggekunst* 1986 n. 8 s. 420

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8).

Henta frå

<https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 10: Gamle Os sjukeheim på Lurane. Arkivfoto: Kjetil Vasby Bruarøy, Henta frå

Midtsiden.no

Kjelde: Grønvigh, K. O. (2019, januar 29). *Den gamle sjukeheimen= Helsehuset*. Henta frå www.midtsiden.no: <https://www.midtsiden.no/den-gamle-sjukeheimen-helsehuset>

Figur 11: *Figur 11: Oppriss av byggesteg 1 og 2 i samband med forprosjekt for byggesteg 2 – Os kommune: 1986*

Kjelde: Byggesakspapir fra Bjørnafjorden kommune

Figur 12: Flyfoto viser utviklinga av Os sjukeheim på Lurane t.v. 31.05.1974 t.v.– 10.06.2006

Henta <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/>

Kjelde: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

Figur 13: Foto, snitt og planløysing første etasje av byggetrinn 1 henta fra Byggekunst 198 nr. 9 s.425

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8).

Henta frå

<https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 14: Utsnitt frå søknad om innvendig riving 2018

Kjelde: Byggesakspapir frå Bjørnafjorden kommune

Figur 15: Bilete av Luranetunet bo- og omsorgssenter øvst i biletet og gamle sjukeheimen på venstre sida i biletet. Photo B+B arkitekter.

Kjelde: B+B arkitekter. *Luranetunet bo- og omsorgssenter*. Henta frå:

<https://www.bbark.no/luranetunet-sykehjem>

Figur 16: Kulturmiljøet innanfor planområdet som omfattast av verneinteresser.

Kulturminneconsult 2022 s.

Kjelde: Kulturminneconsult AS. (2022). *Fagrapport Aker sykehus - Kulturminner og kulturmiljø - Konsekvensutredning og undersøkelse*. Fagrapport.

## Den brutale kjærleiken – Masteroppgåve i arkitekturvern

Figur 17: *Nybygget i 1970 - Henta frå boka til Reidunn Bakkerud - Aker sykepleierhøgskoles historie og utvikling 1924-1985: fra sykehusskole til høgskole s. 75*

Kjelde: Bakkerud, R. (1993). *Aker sykepleierhøgskoles historie og utvikling 1924-1985 : fra sykehusskole til høgskole.* Oslo.

Figur 18, 19, 20: Foto: Lene Utbjoe 2022

Figur 21: *Flyfoto av utvikling til venstre 1971 og høgre 2012 - Byantikvaren i Oslo 2013 s. 16*

Kjelde: Byantikvaren i Oslo. (2013). *Kulturminnegrunnlag.*

Figur 22: *Askøy helsetun Henta frå Byggekunst 1986 nr. 8 s.426*

Kjelde: H. J. (1986). Vital arkitektur i vest - Anna og Jostein Molden. *Byggekunst*(8).

Henta frå

<https://www.nb.no/items/886012bbff831484dd70853092ed991a?page=11&searchText=arkitekt%20Anna%20Molden>

Figur 23: *Connie Henden sitt Busskur - Fylkesarkivet Kulturhistorisk leksikon, leksikon.fylkesarkivet.no*

Kjelde: Kleppa, H. (u.d.). *Connie Henden-leskuret frå Førde Sementvare sidan 1974.*

Fylkesarkivet: Kulturhistorisk Leksikon. Henta frå

<https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/09aca399-0f4b-434d-87dd-6cae09588d23/>